

Kunnskapsgrunnlag

Temaplan for kultur 2023 – 2035

Forslag til offentleg ettersyn



«Kultur byggjer
lokalsamfunn»

Innhald

1	Kultur byggjer lokalsamfunn	3
1.1	Innleiing - Kultur byggjer lokalsamfunn.....	3
1.2	Kvifor ein temaplan for kultur?	3
1.3	Avgrensing av planinnhald	4
1.4	Medverknad	4
1.5	Nasjonale, regionale og lokale føringer.....	5
1.5.1	Berekraftig utvikling globalt og lokalt.....	5
1.5.2	Nasjonale regelverk og føringer	7
1.5.3	Regionale føringer	7
1.5.4	Lokale føringer og forventningar.....	8
2	Status, utviklingstrekk og utfordringar.....	11
2.1	Geografi og demografi.....	11
2.2	Kultur og samfunnsutvikling.....	12
2.3	Forskningsrapportar	13
3	Mål – slik vil vi ha det	18
4	Strategiske satsingsområde.....	19
4.1	Kulturen i Stad	19
4.1.1	Det kulturelle livsløpet	19
4.1.2	Frivillighet og samskaping	30
4.1.3	Fyrtårn	30
4.1.4	Kulturarenaer	36
4.1.5	Kulturbasert næring	37
4.2	Kulturskule.....	40
4.3	Bibliotek.....	42
4.4	Kulturarv.....	44
4.5	Frivilligsentralane	50
4.6	Operahuset Nordfjord	52
4.7	Kino	58

1 Kultur byggjer lokalsamfunn

1.1 Innleiing - Kultur byggjer lokalsamfunn

Kulturlivet i Stad er viktig for samfunnsutviklinga, stadtidentiteten og omdømmet Stad kommune har. Langt ut over vår eigen region vert Stad rekna som eit kulturelt kraftsenter, og kulturlivet vårt bidreg til at Stad er ein attraktiv stad å besøke, etablere næring i, arbeide i og å leve i. Styrken i kulturfeltet i Stad kommune er evna og viljen til samarbeid. Store kulturelle fyrtaarn har vorte utvikla i samskapning mellom frivillige, private aktørar og det offentlege. Denne samskapingsmodellen og dette miljøet, har blitt bygd opp over lang tid og er sjeldan og unikt! Dette må vi aktivt arbeide for å bevare og utvikle. Samarbeidet styrkar det frivillige kulturlivet og gjer at arrangement og andre kunstnariske uttrykk vert meir synlege, profesjonelle og lønsame. Samtidig skaper ringverknadane av kulturen betre sosial og økonomisk berekraft i Stad-samfunnet gjennom integrering og sosialisering av innbyggjarane, samt auka inntening hos lokale bedrifter.

Kultur byggjer identitet, tilhørsle og samhald, og er med på å gjere oss til den vi er. Kulturplanen til Vestland fylke slår fast at «kultur bygger samfunn». Vår eigen kulturplan viser kor viktig kultur er i utviklinga av gode lokalsamfunn og i samfunnsbygginga. Kommunale tenester som kino, kulturhus, kulturskule og frivilligentral, utgjer saman med den lokale kulturfrivilligheita det Enger-utvalet definerer som "den kulturelle grunnmuren". Samfunnsmålet *«Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag»* skildrar kva samfunn vi ynskjer å skape i kommunen, og rommar mykje. Mellom anna står samfunnsmålet opp under folkehelselova sine krav om at kommunen skal bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse. For å skape «heile menneske» og stette opp om god psykisk og fysisk helse, er det viktig at alle har moglegheit til å utforske og utfalte seg innanfor kunst, litteratur, film, musikk og andre kulturuttrykk gjennom heile livet, det vi i denne planen omtalar som «det kulturelle livsløpet».

Hovudmålet i planen lyder difor:

Stad kommune har eit rikt kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet.

Kultur har eigenverdi, den er verdifull i kraft av å vere det den er. Å kunne ta del i og utøve kulturaktivitetar er meiningsfullt og gjevande, både for den enkelte og for fellesskapet. Kultur er også eit middel for å byggje det samfunnet vi ynskjer. Å bruke kultur som ressurs er såleis med på å forankre kulturen si rolle i samfunnet. Å ha ein sterk kulturell grunnmur og ei god tilrettelegging for det kulturelle livsløpet gjev ei rekkje gevinstar i andre fagområde og samfunnssektorar. Temaplan for kultur framhevar kulturen sin eigenverdi, samtidig som kulturen si rolle i samfunnsutviklinga blir synliggjort og styrka.

1.2 Kvifor ein temaplan for kultur?

Formålet med kulturplanen er å sette retning for utviklinga av kulturen i Stad kommune dei neste 12 åra. Stad kommune skal ta ein aktiv posisjon i kulturregionen Vestland, og ynskjer å vere ein distriktpioner og eit kulturelt kraftsenter. Kulturlivet i Stad er ein viktig faktor i den lokale samfunnsutviklinga, og denne planen skal både synleggjere og forankre kulturen si rolle.

Ein heilskapleg kulturplan vil hjelpe oss å synleggjere satsingsområda våre, samt prioritere dei ulike strategiane og tiltaka som må til for å nå dei måla vi set oss. Planen skal omtale korleis Stad kommune skal vere ein aktiv kulturaktør, ein engasjert samskapingspartner og ein kunnskapsrik tilretteleggjør for både det frivillige og profesjonelle kulturlivet i kommunen.

Planen skal på den eine sida vere eit verktøy for å sikre at dei strategiske føringane kommunestyret legg for samfunnsutviklinga blir sett om til handling. På den andre sida skal planen vise og støtte opp under andre kulturaktørar si utvikling og utforske andre samskapingsformer. Saman med Stad kommune sine andre planar inngår kulturplanen i beslutningsgrunnlaget for økonomiplanen og handlingsprogrammet.

1.3 Avgrensing av planinnhald

Kulturomgrepet er vidt og mangfaldig, og kan romme mykje. Temaplan for kultur kjem ikkje til å berøre alle sidene ved kulturfeltet. Den skal berøre dei områda Stad kommune har eit særleg ansvar for å støtte og utvikle, og som ikkje er dekkja i andre planar. Dette gjeld mellom anna film og kino, litteratur, kulturskule, kunst, frivilligkeit, festival, musikk, dans, drama og annan scenekunst, kulturnærings, museum, arkiv, utsmykking i offentleg rom, møteplassar, folkehelse, mangfald og fellesskap, verdiskaping, berekraft og kultur og helse, mm.

Stad kommune har, eller jobbar no med eigne planar for kulturarv, idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv, plan for oppvekst og plan for helse. Temaplan for kultur vil difor ikkje omhandle disse områda direkte, men vil omtale desse der det er relevante koplingar.

1.4 Medverknad

I arbeidet med planen og kunnskapsgrunnlaget har vi invitert til innbyggjarmedverknad på fleire måtar. Dette har blitt gjort kjent gjennom avisannonser, redaksjonell omtale, på Stad kommune sine heimesider, gjennom Stad kommune sine sosiale media, og med oppslag, plakatar og flyers.

- Det har blitt avhelde tre opne folkemøte våren 2022 på:
 - Bryggja grendahus
 - Operahuset Nordfjord
 - Stadlandet skule
- Vi har invitert til eigne innspelsmøter med:
 - kunstfeltet i Stad
 - dei kulturelle fyrtårna
 - kulturarv-sektoren
 - tilsette i kultureninga i Stad kommune
- Det har også vore arrangert arbeids- og innspelsmøter med:
 - Stad ungdomsråd
 - Stad eldreråd
 - råd for menneske med nedsett funksjonsevne
 - utval for kultur, idrett, samfunn og næring
- Eit spørjeskjema har lege ute på heimesidene til Stad kommune i perioden 10. mars – 1. november.
- Det har også vore mogleg å sende inn innspel via e-post.

1.5 Nasjonale, regionale og lokale føringer

Stad kommune skal i sitt planarbeid ta i vare nasjonale, regionale og kommunale interesser og oppgåver. Dette kapittelet gjev ei oversikt over dei mest sentrale nasjonale og regionale målsettingane og lovkrava, og relevante lokale føringer for planarbeidet.

1.5.1 Berekraftig utvikling globalt og lokalt

Noreg har forplikta seg til å oppnå FN sine 17 berekraftmål. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge framtidige generasjonar sine moglegheiter til å dekke sine.




Alle berekraftsmåla ligg til grunn i arbeidet med kulturplanen. Vi legg ekstra vekt på mål nummer 3, 11 og 17, som og i handlingsprogrammet til Stad kommune 2021-2024 vert vurdert som særskilt viktige.

Berekraftsmål nummer 3 handlar om god helse. Kultur er med på å skape ei kjensle av samhøyrigheit, motverke utanforskap, og fremje livskvalitet og fysisk og psykisk helse, som byggjer opp under dette målet.

At vi samstundes er oppteken av berekraftsmål nummer 11 og 17 heng saman med Stad kommune sitt samfunnsmål. Stad kommune skal vere eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag. Gjennom kulturen sin rolle som stadutviklar og samskapingsarena bidreg den til å nå dette målet.

Figuren under viser at kultur er ein viktig del av berekraftig utvikling, og kan vere overlappande med dei tre andre dimensjonane (klima og miljø, økonomi og sosiale forhold). Kulturell berekraft vert sikra gjennom stadutvikling, identitetsskaping, kulturlandskap, kreativitet og innovasjon, visuell tiltrekkskraft, arkitektonisk utrykk og utvikling av bilde og symbol.¹

¹ <https://www.europanostra.org/our-work/policy/cultural-heritage-counts-europe/>



1.5.2 Nasjonale regelverk og føringer

Ei rekke nasjonale lover, stortingsmeldingar og retningslinjer gjev føringer for temaplan for kultur i Stad kommune. Det nasjonale ansvaret ligg til Kulturdepartementet.

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023 er følgjande forventningar av særleg relevans i høve arbeidet med kulturplan:

- kommunane identifiserer og tek omsyn til viktig naturmangfald, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturhistoriske verdiar, kulturmiljø og landskap i planlegginga.
- kommunane tek vare på kunst og kultur som ein del av den kommunale og regionale planlegginga, og legg til rette for eit fritt og uavhengig kulturliv.

Dei mest sentrale lovene og føringane for temaplan for kultur er:

- Kulturlova
- Folkebibliotekslova
- Nasjonal bibliotekstrategi
- Opplæringslova
- Folkehelselova
- Meld. St. 8: Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida
- Meld. St. 10: Frivilligheita – sterkt, sjølvstendig, mangfaldig
- Meld. St. 15: Leve heile livet
- Meld. St. 18: Oppleve, skape, dele
- Meld. St. 23: Museum i samfunnet
- Rammeplan for kulturskule i Stad kommune
- Lov om arkiv
- Fritidserklæringa
- Frivilligpolitisk plattform for Stad kommune

1.5.3 Regionale føringer

Vestland fylkeskommune arbeider med ein regional plan for kultur, idrett og friluftsliv. Denne planen har vore ute på offentleg høyring i perioden oktober-november 2022, og skal verke frå 2023-2035.

Vestland fylkeskommune har ein visjon om at Vestland skal ha eit rikt og mangfaldig kulturliv i heile fylket, til glede og nytte for alle innbyggjarane. Planen har fått namnet «Kultur byggjer samfunn», og Stad kommune sin temaplan spelar opp under mål og delmål i denne planen.

Andre viktige planar har vore:

- Regional plan for kultur 2019-2027 for Sogn og Fjordane
- Regional kulturplan 2015 – 2025 for Hordaland
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling 2021-2023 for Vestland fylkeskommune

Utviklingsplan for Vestland 2020 – 2024 vart vedteken 29. september 2020. Dette er den overordna planen for Vestland dei neste fire åra, og vil også leggje føringer for planarbeidet. Utviklingsplanen byggjer mellom anna på følgjande kunnskapsgrunnlag:

- Statistikk og utviklingstrekk i Vestland
- Ungdata, levekårsundersøkingar og folkehelseindeks

1.5.4 Lokale føringar og forventningar

Kommunesamanslåing og grensejustering

Stad kommune er ein ny, samanslått kommune (2020). Det går fram av inndelingslova § 13 at kommunedelplanane for Eid og Selje, og Vågsøy sin for Bryggja sin del, vil gjelde for vedkomande område inntil dei blir endra. Planarbeidet inneber at Stad kommune no får ein samla temaplan for kultur.



Tilhøvet til planstrategi og kommuneplan

Planstrategi for Stad kommune vart vedteke av Stad kommunestyre i møte 13. desember 2020, k-sak 19/058. Temaplan for kultur er der vedtatt med planoppstart i 2020. Arbeidet har blitt forsinka, og vart starta opp i 2021. Temaplan for kultur følgjer ikkje plan- og bygningslova.

Temaplan for kultur skal støtte opp under arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel, og skal bygge opp under samfunnssdelen sitt verdigrunnlag. Samfunnssdelen sin visjon skal gje inspirasjon og strategiane skal gje retning for kommuneplanarbeidet.

Tilhøvet til aktuelle, lokale strategiske planar

Samfunnssdelen

Målsetningane i temaplan for kultur byggjer opp under mål og visjonar som du finn i kommuneplanen sin samfunnssdel 2020-2032, som vart vedteken av Stad kommunestyre 10. september 2020.²

² https://stad.kommune.no/_f/p1/ic63fba92-422f-45a7-bcbe-d3967cdf620f/210609_stad_kommuneplan_trykkfil_spreads_lowres.pdf

Stad kommune sin samfunnsdel er kommunen sitt overordna strategiske styringsdokument. Det er fastsett fire delmål og 27 utdjupingar om korleis vi skal arbeidet for å nå samfunnsmålet «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag».

Følgande mål har vore særleg viktige for arbeidet med temaplan for kultur:

Hovudmål

Innbyggjarane i Stad kommune har ein god, oppvekst og gode utdannings- og helsetilbod

Delmål

Stad kommune arbeider for ein lukkeleg barndom, og sikrar at alle barn i Stad får ein trygg og tilpassa oppvekst i eit inkluderande fellesskap, med eit mangfaldig barnehage-, skule og fritidstilbod, der dei kan få nytta og utvikla evnene sine og bli sjølvstendige menneske med god psykisk og fysisk helse. Ved å redusere sosial ulikskap har innbyggjarane i Stad kommune dei same moglegheitene og fridomen til å skape si eiga framtid.

Ved å satse på universell utforming og aktiv inkludering lever innbyggjarane i Stad kommune meiningsfulle og aktive liv og deltek likeverdig i samfunnslivet.

Stad kommune førebygger einsemd blant innbyggjarane.

Hovudmål

Stad kommune har inkluderande, trygge og attraktive lokalsamfunn og eit berekraftig og innovativt næringsliv.

Delmål

Stad kommune utviklar livskraft, menneskevenlege og levande lokalsamfunn og sentrum basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, ved å samarbeide med innbyggjarane, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar.

Stad kommune fremjar kreativitet ved å støtte opp under den frie profesjonelle kunsten, kulturbaserte næringar, nye og etablerte nettverk for kunst- og kulturinstitusjonar og -organisasjonar.

Stad kommune skaper fellesskap, stolte innbyggjarar og gode opplevingar for besökande ved å formidle eigenart, stadtqvilitetar, identitet og historie.

Hovudmål

Stad kommune deltek i arbeidet for å nå dei internasjonale klimamåla og arbeider for at vekst og utvikling skjer innanfor naturen sine tolegrensar.

Delmål

Stad kommune sikrar ei utvikling basert på staden sin eigenart og tek vare på viktige natur- og kulturverdiar.

Stad kommune arbeider aktivt med klimatilpassing for å unngå dei negative konsekvensane av klimaendringane slik at innbyggjarar og næringsliv opplever at det er trygt å bu og drive næring og å reise i Stad.

Hovudmål

Stad kommune er eit samskapande samfunn der alle dreg i lag og der vi brukar ressursane våre på best mogleg måte

Delmål

Innbyggjarane i Stad kommune har likeverdige høve til å delta i samfunnsliv og demokratiske prosessar.

Dei offentlege tenestene i Stad er effektive og heilskaplege og nyttar ressursane optimalt.

Stad kommune har eit felles «vi». Vi har tillit til kvarandre, anerkjenner kvarandre og ulike perspektiv.

Stad kommune vågar å vere ein distriktszioner.

Stad kommune er ein samskapingskommune.

Stad kommune er ein attraktiv arbeidsgjevar med ein god organisasjonskultur som legg til rette for å tiltrekke seg og utvikle kompetente, initiativrike og stolte medarbeidarar og leiarar.

Stad kommune er ein attraktiv, trygg og helsefremjande arbeidsplass der tilsette kjenner meistring.

Stad kommune har medarbeidarar og leiarar med endringsevne og som samarbeider om å finne løysingar på kommunen sine utfordringar.

Kommunedelplan for oppvekst

Arbeidet med kommunedelplan for oppvekst starta opp i byrjinga av 2021, og utkast til plan ligg ute til offentleg høyring i perioden oktober – desember 2022. Kultur er ein viktig del av oppveksten og utviklinga til barn og unge, og kulturen si rolle inn i skulane er ein del av kommunedelplan for oppvekst.

Kommunedelplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Stad kommune skal utarbeide ein plan for kultur og ein plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Difor går tema knytt til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv ikkje inn i kulturplanen, men planane skal sjå til og støtte opp mot kvarandre. Planprogrammet for kommunedelplan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett vart vedteke haust 2020, men det vidare planarbeidet er blitt forsinka.

Kommunedelplan for kulturarv 2017-2029 – Eid

og

Kommunedelplan for kulturarv 2019-2029 - Selje

Stad kommune har kulturarv med både nasjonal og internasjonal verdi, som er godt beskrive i kommunedelplan for kulturarv for Eid og Selje kommune. Kulturarvplanane for Eid og Selje inneheld eit omfattande kunnskapsgrunnlag, samt prioritering av kulturarv av høg verdi i kommunen. Dette er vidareført og tatt inn som ein del av kunnskapsgrunnlaget for denne planen. Mange av måla, strategiane og tiltaka i dei to kulturarvplanane for Selje og Eid er framleis aktuelle, men var modne for rullering og oppdatering. I tillegg er det lagt til nye mål og strategiar.

Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune vart innlemma i Stad kommune ved kommunesamanslåinga i 2020, og er ikkje omtalt i dei to tidlegare kulturarvplanane. Det har dessverre ikkje vore tid og kapasitet til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget om kulturarven på Bryggja i denne planen. Dette skal gjerast i løpet av planperioden.

2 Status, utviklingstrekk og utfordringar

I dette kapittelet har vi samla dokumentasjon, grunnlagsdokument og forskingsrapportar som vi har nytta for å kunne seie noko om status, utviklingstrekk og utfordringar i kapittel 2 i plandokumentet.

2.1 Geografi og demografi

Stad er ein langstrakt og spreiddbygd kommune med 120 kilometer reiseveg frå vestlegaste busetnad ved Stadhavet til dei austlegaste bygdene ved Hornindalsvatnet. Stad er ei ny kommune som vart oppretta 1. januar 2020 ved at kommunane Eid og Selje og Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune vart slått saman. Stad kommune har om lag 9 500 innbyggjarar og ligg i Nordfjord i Vestland fylke. Kommunen består av over 30 små og større lokalsamfunn frå storhavet i vest til fjord- og fjellandskap i aust.

Over halvparten av innbyggjarane i Stad kommune er busette i tettstadane, og denne trenden er aukande. Bortimot ein tredjedel av innbyggjarane er busette i kommunesenteret Nordfjordeid. Den spreidde busetjinga er elles nokså jamt fordelt i heile kommunen. Den nye regionale analysen for 2020 for Stad kommune viser at Stad i perioden 2009 – 2018 har hatt ein positiv bustadattraktivitet, med eit flyttetal høgre enn forventa basert på nasjonale framskrivingsanalysar³.

Folketalet i Noreg har vore i kraftig vekst dei siste tiåra. Men veksten har dei siste åra bremsa opp, og det er venta ein vedvarande lågare folketalsvekst framover. Prognosane nasjonalt viser at folketalsveksten først og fremst er venta å skje i byane og i omlandet til dei store byane. Dei nasjonale trendane syner også over lang tid det som vert kalla ei «desentral sentralisering», noko som betyr at ein større del av befolkninga også utanom byane søker inn mot å bu i tettstadar og distriktscenter. Lågare innvandring, stadig lengre levealder og færre fødde barn gjer også at aldringa av befolkninga vil bli sterkare enn ein har trudd tidlegare. Det gjeld særleg i Distrikts-Noreg, og vil forsterke utfordringa vi allereie ser med knappheit på arbeidskraft, både i privat og offentleg sektor. Å halde oppe folketalet i Stad og å legge til rette for auka tilflytting blir svært viktig for ei livskraftig utvikling.⁴

Tal basert på SSB-framskrivingar viser at vi i løpet av planperioden 2023 – 2035 vil ha ei befolkning som består av færre born, færre vaksne i yrkesfør alder og fleire eldre. Dette vil også auke i perioden 2035 – 2050. Det blir difor ekstra viktig å tiltrekke seg nye innbyggjarar i yrkesaktiv alder, og ikkje minst halde på dei innbyggjarane vi allereie har.

³ Lokal transportplan 2022 – 2034 Stad kommune:

<https://innsyn.onacos.no/stad/wfdocument.ashx?journalpostid=2022016577&dokid=1501045&versjon=1&variant=A&>


⁴ Kommuneplanen sin samfunnsdel s 5

https://stad.kommune.no/_f/p1/ia31df4fe-a07f-4bed-bfb9-a94666a80cd9/kommuneplanen-sin-samfunnsdel-2020-2032-vedteken.pdf


Færre barn 2022-2035



Færre i yrkesaktiv alder 2022-2035



Fleire eldre 2022-2035



2.2 Kultur og samfunnsutvikling

I stadig større grad blir kultur bevisst brukt som verkemiddel for samfunnsutvikling. Det er i fyrste rekke innanfor turisme/reiseliv, stads-/byutvikling og næringsutvikling ein ser ein utvikling i denne retninga. Kommunar bruker kultur meir og meir for marknadsføring av seg sjølv. Kultur, som til dømes store kulturarrangement, kunstverk og kulturminne set i aukande grad norske kommuner på kartet. Særskilt ser ein at større kulturarrangement, ofte til dømes ein festival, brukast til å synleggjere kommunen. Ulike teoriar bistår at nøkkelen til regional utvikling ligg i å vere ein spennande stad å leve – eit aktivt kulturliv er eit sentral aspekt i dette. Spennande stader kan

tiltrekke seg «den kreative klassen», her inngår mellom anna kunstnarar, og desse kan skape nye jobbar og regional utvikling (Storstad, 2010).

St. melding 22 (2004-2006)⁵ skriv følgande om kultur som samfunnsutviklar:

«Et mangfold av gode kulturtildøde og aktivitetar kan vere med å styrke fellesskapen, livskvaliteten og kompetansen hos innbyggjarane. Sjølv om arbeid og utdanning i særleg grad avgjer val av bustad, er også tilgangen på opplevelingar og livskvalitet viktige faktorar. Kultur og kulturbaserte næringer kan vere med å auke kjennskapen til ein region, og elles vere viktig i merkevarebygging og profilering av regionen, særleg sett i samanheng med reiseliv. Kultursatsing kan tilføre ein region kreativitet og dynamikk, noko som både kan føre til at det vert etablert ulike kulturbaserte næringer og at andre verksemder vel å etablere seg i området. Kultur kan såleis medverke til å skape nye arbeidsplassar, både heilt eller delvis offentleg finansierte og reint næringsbaserte.» (St. meld 22, side 19ff)

Vidare beskriver St. melding 22 (2004-2005)⁶ at det finns ulike stratgiar korleis kommunar bruker kultur som verkemiddel:

«Ein variant er å satse på ein eller nokre få attraksjonar eller hendingar som trekkjer til seg interesser og ressursar. Slike fyrtårnsatsingar kan vere eit spesielt kulturbygg eller til dømes ein festival. Denne typen satsing kan gjere regionen attraktiv. Satsingane kan også føre til knoppskyting i form av ulike etableringar.»

«Ein annan variant er dynamostrategien, der det vert fokusert på å utvikle den kulturelle energien som finst lokalt. Målet er å skape eit levande og mangfoldig kulturliv som gjer regionen attraktiv for sine eigne innbyggjarar. På sikt vil dette kunne trekke til seg interesse og ressursar utanfrå og kanskje også medverke til dømes til næringsutvikling. I den globale og regionale konkurransen om merksemrd, etableringar og om å tiltrekke seg menneske og turistar er kultur og kulturopplevelingar sett på som ein viktig konkurransefaktor. I denne konkurransen er det i dag større fokus på merkevarebygging både av stader, av ulike arrangement og av andre produkt. Ein nødvendig føresetnad for at kultur skal kunne spele ei utviklingsrolle i samfunnet er likevel at han vert gjort til ein grunnleggjande og integrert del av samfunnsutviklinga. I denne samanhengen er bærekraftig utvikling viktig for å ta vare på eit langsiktig og heilskapleg perspektiv på økonomisk utvikling.»

2.3 Forskningsrapportar

I dette avsnittet blir det vist til ulike forskningsrapportar og grunnlagsdokument som viser kulturen si kraft og rolle i samfunnet.

«Kulturfeltet i kommunesektoren – en fri, mangfoldig og samfunnsbyggende kraft»

KS presenterte i 2021 rapporten «Kulturfeltet i kommunesektoren – en fri, mangfoldig og samfunnsbyggende kraft»⁷, utarbeida av Oxford Research på oppdrag frå KS. Denne rapporten innehold ei kartlegging og analyse av kompetanse, organisering og forankring av kulturfeltet i kommunal sektor. Om lag 60 % av alle kommuner i landet deltok i ei spørjeundersøking, i tillegg vart

⁵ <https://www.regjeringen.no/contentassets/d52ff8142b7140c78a955eb9101c967f/nn-no/pdfs/stm200420050022000ddpdps.pdf>

⁶ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-22-2004-2005-/id407136/?ch=1>

⁷ <https://www.ks.no/contentassets/3ca17def08e54ca5871e49c70d58b89e/Kulturfeltet-i-kommunsektoren.pdf>

det gjennomført casestudiar i 15 kommunar og workshopar der ei rekke kulturinstitusjonar og aktørar frå kommunesektoren deltok.

Det overordna målet med studien var:

«... å etablere et kunnskapsgrunnlag for å kunne ta gode retningsvalg i den nasjonale kulturpolitikken i årene som kommer - både på lokalt, regionalt og statlig nivå. Ikke minst håper vi rapporten kan belyse kraften som kan utløses når de ulike nivåene ses i sammenheng. Slik kan de nasjonale kulturpolitiske mål, slik de er formulert i stortingsmeldingen Kulturens kraft, realiseres».

Rapporten peikar mellom anna på kulturfeltet si betyning for lokal identitet og tilhøyrslle, her henta frå kapittel 4.3.1 *Kultur som profilering*:

«... et spørsmål hvor respondentene blir bedt om å ta stilling til enkelte påstander om bruk av kultur for å profilere kommunen. Svarene viser tydelig at kultur er viktig for stedsidentiteten til kommunens innbyggere. Dette er igjen et tegn på hvordan kultur finner sted lokalt, med lokal tilpasning og med lokalt eierskap til feltet. Selv om forbindelsen mellom kulturuttrykk og stedsidentitet er godt kjent, er det grunn til å merke seg den sterke tilslutningen til påstanden. Det er altså et klart flertall av respondentene som er helt enig i en forholdsvis sterkt formulert påstand, at lokal kultur er veldig viktig for stedsidentitet. I motsatt ende av skalaen finner vi påstanden om at kommunepolitikerne overvurderer mulighetene kultur har til å profilere og at en slik profilering medfører en kommersialisering. Igjen er det grunn til å minne om hvem som har svart på undersøkelsen, kommunen, ettersom den ansvarlige for kultur i kommunen trolig har et mer positivt syn på kultur enn andre i kommuneadministrasjonen og blant lokale politikere. Likevel understreker svarene koblingen mellom kulturfeltet og det genuint lokale. Kulturfeltet anses som velegnet til å profilere kommunen fordi feltet formidler noe om hvem innbyggerne i kommunen er, og hva kommunen står for» (side 59).

Rapporten framhevar også kulturen si rolle som samfunnsutviklar, og peikar på kva rolle kulturen kan ha som pådrivar for å utvikle demokratiet:

«Oppsummert kommer det en rekke eksempler på hvordan kulturfeltet betraktes som en avgjørende bestanddel innen kommunens samfunnsutviklende rolle. Mange løfter fram stedsattraktivitet, både for egne innbyggere og besøkende, som et område hvor kulturfeltet spiller en særlig rolle. Folkehelsearbeid er som nevnt også en gjenganger, og det samme gjelder eksempler på hvordan kultur kan brukes i kommunens tjenesteproduserende virksomhet. På den annen side er det færre eksempler hvor respondentene ser kulturfeltet som en bidragsyter til å vitalisere kommunens rolle som demokratisk organ. Det lokale folkestyret trenger også nye impulser, og den senere tid har det vært økt oppmerksamhet omkring hvordan kultur kan løfte fram og anerkjenne mangfold og annerledeshet. Her mener vi det ligger et uførløst potensial i å benytte kultur som motstemme og kritisk motstand i lokal samfunnsutvikling». (s. 62)

«Er det rom for kultur i norske kommuner?»

Telemarkforskning presenterte 16. august 2022 rapporten «Er det rom for kultur i norske kommuner?» der dei har samla informasjon bruken av og behovet for kulturlokale i 17 norske kommunar:

«I denne rapporten har vi samlet informasjon om bruken av, og behovet for, kulturlokaler i 17 norske kommuner. Vi har intervjuet kultursjefene for å få en helhetlig oversikt over kulturlokalene i kommunen. Kulturhus, skoler, samfunnshus, kulturskolen, kino og bibliotek er lokalene som nevnes mest. Det er stor variasjon i egnetheten for kultur i ulike typer lokaler, og det er også utfordringer knyttet til geografisk og prismessig tilgjengelighet. Flere av kultursjefene sier det er vanskelig å konkurrere med idretten og andre kommunale områder for midler til bygging eller oppgradering av kulturarenaer. Noen kultursjefer forteller om vellykkede samarbeid med kulturlivet og kommunepolitikere i arbeidet med spesifikke kulturarenaplaner. Felles for disse er mye involvering av interessentene. Flere av kultursjefene opplever søknadsarbeid til statlige ordninger som tid- og ressurskrevende. Det er også stor variasjon i ambisjonsnivået til kommunene vi har snakket med. På spørsmålet om hva som behøves mest er det noen kommuner som svarer at de trenger et nytt lydanlegg, mens andre informanter etterspør en storsatsing på det profesjonelle kunstmiljøet».

Rapporten kan lesast i sin heilskap på [Telemarksforskning sine heimesider](https://telemarksforskning.no/publikasjoner/er-det-rom-for-kultur-i-norske-kommuner/).⁸

Teori for attraktivitet - Telemarksforskning

Telemarksforskning forsøkjer å gje svar på kvifor nokon kommuner oppnår større vekst enn andre. Dei belyser dette gjennom sin [programteori for attraktivitet](#).⁹

Attraktivitet er knyttet til forhold som kan påvirkes lokalt, eller som er unikt ved det enkelte stedet, og som påvirker flyttestrømmen til eller fra stedet. De tre typene attraktivitet er bedriftsattraktivitet, besøksattraktivitet og bostedsattraktivitet. Det er den samlede effekten av alle de tre attraktivitetsdimensjonene som vil avgjøre om et sted får inn- eller utflytting.

Endring er nøkkelen:

«Å bli mer attraktiv handler rett og slett om å komme med noe helt nytt. Og det kreves faktisk ganske vesentlige endringer for å stikke seg ut, for alle steder satser på å bli mer attraktive.»

«Satsingen på attraktivitet i norsk distriktpolitikk må ses som et utslag av en økende tiltro til at lokalsamfunn kan påvirke sin egen vekst. I stortingsmeldingen Lokal vekstkraft og framtidstru heter det at «vekstkrafta kjem nedanfrå». Kommunene fremheves å være av de mest sentrale aktørene, om ikke den mest sentrale, som skal mobilisere befolkning og næringsliv for å nå en ønsket utvikling. Hva som menes med begrepet attraktivitet er ikke klart definert i noen av policydokumentene, men den statlige satsingen på attraktivitet de siste årene er helt klart knyttet til en målsetting om å styrke bosettingen i distriktene. En positiv flyttebalanse i distriktene, eller i det minste en redusert negativ flyttebalanse, blir dermed et sentralt mål for attraktivitetssatsingen. Attraktivitet er dermed nært knyttet til flyttebalansen.»

Rapporten kan lesast i sin heilskap på [distriktsenteret.no](https://distriktsenteret.no/programteori_sammendragsrapport.pdf).¹⁰

⁸ <https://www.telemarksforskning.no/publikasjoner/er-det-rom-for-kultur-i-norske-kommuner/4139/>

⁹ https://distriktsenteret.no/wp-content/uploads/2020/11/programteori_sammendragsrapport.pdf

¹⁰ https://distriktsenteret.no/wp-content/uploads/2020/11/programteori_sammendragsrapport.pdf

Kulturutredningen 2014 - Engerutvalet

Kulturutredninga frå 2014 påpeiker viktigheita av offentleg sektor si rolle i kulturlivet i kommunane, og lanserte omgrepene «den kulturelle grunnmuren». Arenaer der menneske frå alle kultur- og samfunnslag kan møtast. Etablerte kulturinstitusjonar som er bærebjelkar i lokalsamfunnet: bibliotek, kulturskule, museum, kino, og frivillige aktivitetar.

«I Kostra-systemet er kultursektoren avgrenset på en annen måte enn på statlig nivå, noe som i første rekke viser seg ved at den omfatter idrett. Som vi skal se, har mye av veksten i kommunenes kulturbudsjetter i tiden etter 2005 gått til idretten. Det har vært en tid hvor kommunene har brukt store ressurser på investeringer i kulturbygg, og hvor utgiftene de har til tradisjonelle faste kulturvirksomheter – det vi vil kalle den kulturelle grunnmuren – har stagnert. Kostra-tallene gir oss et bilde på utviklingen i den kommunale kulturpolitikken på landsbasis, men dette bildet er ikke tilstrekkelig for å oppnå en forståelse av utviklingen i den kommunale kulturpolitikken eller i det lokale kulturlivet. I andre del av kapitlet går vi derfor nærmere inn på utviklingen på en del arenaer i det lokale kulturlivet på bakgrunn av et bredere kildemateriale. Her har utvalget valgt å rette oppmerksomheten mot kulturarenaer og virksomheter som faller inn under begrepet om ytringskultur som vi kom fram til gjennom drøftingene i kapittel 6. Vi har også valgt å legge vekt på å belyse kulturarenaer som har en stor utbredelse i det lokale kulturlivet, og som brukes av et stort publikum. Områdene i det lokale kulturlivet vi belyser i denne delen av kapitlet, er bibliotek, kino, kulturskoler, fritidsklubber, frivillige kulturorganisasjoner, festivaler og konserststeder.»

Rapporten syner også til kulturen si rolle i å oppretthalde eit velfungerande demokrati:

«En dynamisk og vidtfavnende offentlighet er en forutsetning for et velfungerende demokrati. Kunst- og kulturvirksomhet har en sentral rolle i opprettholdelsen og fornyelsen av dette offentlige rommet. Kulturinstitusjoner og kulturvirksomheter som over er etablert i Norge, må derfor betraktes som en nødvendig infrastruktur for demokratiet. Det gjelder institusjoner, organisasjoner og andre kulturvirksomheter på nasjonalt og regionalt nivå, og ikke minst aktiviteter som utspiller seg i og rundt det lokale kulturlivets institusjoner. Å styrke denne kulturelle infrastrukturen er å styrke demokratiet.»

Kulturrapporten 2014 kan lesast i sin heilskap på [Regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2013-4/id715404/?ch=1).¹¹

Norsk kulturindeks

Telemarksforskning utarbeidar kvart år Norsk kulturindeks, som gjev ei oversikt over kulturtildod og aktivitet i norske kommunar og fylke. Kulturindeks-rapportane beskriv det faktiske kulturtildodet og den faktiske kulturbruken i ein kommune eller eit fylke på grunnlag av data frå meir enn 50 ulike kilder. Rapportane presenterer kulturtildod og kulturbruk på 10 forskjellige områder og har eigne kapittel om økonomi og innbyggjartilfredsheit. Norsk kulturindeks viser til at tilgongen på kulturopplevingar heng tett saman med kor nøgde innbyggjarane er med å bu der dei bur:

¹¹ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2013-4/id715404/?ch=1>

*«Generelt finner vi et sterkt samsvar mellom kulturnivået i en kommune målt ved hjelp av Norsk kulturindeks og tilfredsheten til innbyggerne slik det kommer fram i Difis undersøkelse.»*¹²

Stad kommune bestilte i 2020 ein eigen rapport som samanliknar kommunene Stad, Gloppen, Røros, Volda, Sogndal, Sunnfjord, Kinn og Stryn. Samanlikningsgrunnlaget er valgt ut i frå omliggande kommuner som det er naturleg at Stad samanliknar seg med mtp. storleik, folketal og liknande nivå på kulturell aktivitet (festivalar, kulturhus, konsertaktivitet osv.). I tillegg er det teke med større kommuner i regionar nær oss, som Sunnfjord og Sogndal. Røros er teke med fordi dei er plasserte som nr. 1 på Kulturindeksen og soleis er landets beste kulturkommune. Rapportane er digitalt tilgjengelege og kan lesast på www.kulturindeks.no.¹³

I 2019 var Eid kommune rangert som nr. 35, medan Selje var rangert som nr 407. Kulturindeksen for 2020 viser:

«Stad er rangert som 155 av landets 356 kommuner i 2020. De beste plasseringene finner vi innen frivillighet og kino. Stad er også innenfor topp 150 innen kunstnere, kulturarbeidsplasser og scenekunst.»

¹² <https://kulturindeks.no/rapport/4649/2/2>

¹³ www.kulturindeks.no



3 Mål – slik vil vi ha det

Stad kommune sin visjon er å vere «verdas beste vesle stad». Samfunnsmålet «Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag» er ei kort skildring av det samfunnet vi ynskjer å skape. I kulturarbeidet har vi ein visjon om at kultur er ein viktig faktor for å utvikle samfunna våre - **kultur byggjer lokalsamfunn**. Ut frå dette har vi definert eit overordna kulturmål som skal hjelpe oss å nå både samfunnsmålet og visjonen vår.

Det er sju sentrale plantema eller strategiske satsingsområde i planen. Kvart tema har eigne delmål som ligg under det overordna kulturmålet, og som definerer det overordna målet nærmare. Måla beskriv ein ønska tilstand i framtida - slik vil vi ha det. For kvart plantema er det utarbeidd strategiar – slik skal vi gjere det for å nå måla i planen, med tilhøyrande tiltak (oppdrag). Strategiane og tiltaka legg føringar på fordeling av dei økonomiske rammene for kultureiniga og skal ligge til grunn for kommunen sine prioriteringar.



4 Strategiske satsingsområde

4.1 Kulturen i Stad

Eininga kultur

Kultureininga har det overordna ansvaret for den kommunale delen av kulturen i Stad kommune, noko som inneber både dagleg drift samt vidareutvikling av tenestene. Eininga sitt mandat er å levere gode tenester av høg kvalitet til alle innbyggjarane i Stad kommune.

I arbeidet med å slå saman Selje og Eid til Stad kommune var ei av målsetjingane at den nye kommunen skulle bli ein av landets beste kommunar på skule og kultur. Heilskaplege og effektive tenester på kulturområdet handlar om å skape det kulturelle livsløpet frå fødeavdeling til eldreinstitusjon. Tidleg eksponering av kunst og kultur for barn og unge har vist positiv effekt på utvikling og læring. I Stad kommune er kunst- og kulturopplevingar og høve til kulturell eigenaktivitet ei prioritert satsing fordi kunst- og kulturopplevingar er viktige for utvikling av identitet, trivsel og sjølvoppfatning.

Fordi barn og unge treng varierte erfaringar på forskjellige arenaer og aktivitetar innan kultur, har eit sentralt fokusområde og ein viktig arbeidsmetode vore å skape ein låg terskel for å engasjere seg i samarbeidsprosjekt. Dette gjeld både internt mellom kommunale tenester og med andre aktørar i lokalsamfunnet.

Kultureininga er sett saman av seks fagområde – kulturskule, bibliotek, frivilligentral, kulturarv, operahus og kino. I tillegg kjem organisering av kommunale tilbod som Den kulturelle skulesekken, Den kulturelle spaserstokken, UKM, kulturprisar og kulturnatt, og sakshandsaming og oppfølging av politiske og administrative vedtak knytt til kultur.

4.1.1 Det kulturelle livsløpet

Kommunedelplanen sin samfunnsdel¹⁴ har eit overordna samfunnsmål som seier at «*Stad er eit livskraftig og trygt samfunn der vi alle dreg i lag*». Samfunnsmålet er mellom anna utdjupa på denne måten:

- *Stad kommune skal vere ein så god kommune å bu i at folk ønskjer å bli buande her og nye flyttar til.*
- *Stad kommune skal ha gode levekår og tenester for innbyggjarar i alle livsfasar og aldrar.*

Både visjonen og det overordna kulturmålet i planen skal legge til rette for at vi oppnår måla i samfunnsplanen. Visjonen lyder «Kultur byggjer lokalsamfunn», og det overordna kulturmålet lyder «*Stad kommune har eit rikt kulturliv der alle kan skape, oppleve og delta heile livet*».

Kunst- og kulturopplevingar betrer livskvaliteten til folk, den skapar ei kjensle av meistring og tilhøyrigheit. Gjennom kulturen kan ein legge til rette for inkludering, integrering, og motarbeide og hindre utanforskap. Innbyggjarane i Stad kommune skal ha tilgong til å oppleve kunst- og kulturopplevingar gjennom heile livet – i ulike aldrar og gjennom ulike livsfasar, uavhengig av økonomi, funksjonsevne, bakgrunn eller kvar ein bur. Det er dette kallar vi for «det kulturelle livsløpet».

¹⁴ https://stad.kommune.no/_f/p1/ia31df4fe-a07f-4bed-bfb9-a94666a80cd9/kommuneplanen-sin-samfunnsdel-2020-2032-vedteken.pdf

Stad kommune har ansvar for fleire ulike ordningar og tilbod som rettar seg mot spesifikke aldersgrupper. Dette er til dømes Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. I tillegg har Stad kommune vedteke å jobbe etter kvalitetsreforma «Leve heile livet».

Den kulturelle skulesekken

Den kulturelle skolesekken (DKS) er ei nasjonal ordning som syter er for at alle skuleelevar i Noreg får oppleve profesjonell kunst og kultur kvart år. Ordninga er unik i verdssamanhang.

Gjennom ordninga får elevane moglegheit til å oppleve, gjere seg kjende med og utvikle forståing for profesjonelle kunst- og kulturuttrykk. Kulturtildet skal vere av høg kvalitet og vise heile breidda av dei seks kulturuttrykka film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst.

DKS har sidan 2013 vore finansiert av spelemidlar. Desse blir fordelt til fylkeskommunane og kommunane etter ein fordelingsnøkkel som tek omsyn til elevtala i grunnskulane og dei vidaregåande skulane, dei geografiske avstandane og infrastrukturen. Det statlege tilskotet frå spelemidlane inngår som éi av fleire finansieringskjelder til gjennomføring av ordninga. Vestland fylkeskommune fordeler midlane vidare til kommunane etter same nøkkelen.

Bakgrunn og organisering

Den kulturelle skulesekken har vore ein del av regjeringa si kulturpolitiske satsing for grunnskulen sidan 2001, og etter kvart vart også vidaregåande skule teke inn i ordninga. Dette betyr at i dag får alle elevar, frå 1. trinn i grunnskulen til 3. trinn på vidaregåande skule, oppleve profesjonell kunst og kultur gjennom DKS.¹⁵

DKS er eit samarbeid mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet, og alle fylkeskommunar og kommunar i landet. Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Norge fekk i 2016 det nasjonale ansvaret for ordninga. DKS er altså eit samarbeidsprosjekt mellom kultur- og opplæringssektoren på nasjonalt, regionalt og lokalt nivå, og omfattar alle skular i Noreg. Fylkeskommunen er ansvarleg for regional koordinering og programmering, men kommunane har også moglegheit for å utvikle eigne program lokalt. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar.

Kulturtanken – Den kulturelle skulesekken Norge er ein nasjonal etat med ansvar for å forvalte, kvalitetssikre og utvikle DKS-ordninga. I tillegg til å vere ein nasjonal koordinerande instans for utvikling av kvalitet og samarbeid i ordninga, skal Kulturtanken også bidra til at tilboda samspelar med skulen sine læreplanar, og til å utvikle felles forståing og engasjement mellom kunst-, kultur- og skolesektorane. Kulturtanken har ansvar for å tildele spelemidlar), innhente rapportering og utarbeide nasjonal årsrapport for DKS. Kulturtanken bestemmer ikkje over det lokale programmet i DKS. Meir om Kulturtanken kan du lese på www.kulturtanken.no

I *Stortingsmelding 18: Oppleve, skape, dele – Kunst og kultur for, med og av barn og unge*¹⁶ la regjeringa fram nye nasjonale mål for DKS. Stortinget har sluttat seg til måla, med ei tydeleggjering av at målet med DKS framleis skal vere å bidra til at elevar får eit profesjonelt kunst- og kulturtildet, jamfør Innst. 622 S (2020-2021) og vedtak av 8. juni. Dette er Noreg si fyrste stortingsmelding om kultur for barn og unge, og kapittel 12 er i sin heilskap via til DKS.

I tråd med dette skal DKS:

¹⁵ <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturformidling/den-kulturelle-skulesekken/>

¹⁶ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/?ch=1>

- vere eit gratis og jamleg tilbod til alle barn og unge i grunnskulen og vidaregåande skule,
- sikre at barn og unge får eit likeverdig og profesjonelt kunst- og kulturtildel som har høg kvalitet, uavhengig av kvar dei bur, slik at dei kan gjere seg kjende med og utvikle forståing for eit variert spekter av kulturuttrykk,
- bidra til barn og unge si danning og utdanning, slik det er formulert i overordna del i læreplanar i fag,
- formidle eit kulturtildel som blir opplevd som relevant, og som representerer eit kulturelt mangfald av tildel og utøvarar,
- vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging,
- bidra til å styrke norsk språk, dei samiske språka, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk som grunnleggande kulturerarar, bidra til å formidle kunst- og kulturtildel til barnehagebarn.

Organisering av lokalt ansvar og fordeling av midlar

I Stad kommune blir den totale potten av DKS-midlar delt på tre: ein del går til til faste tildel administrert av kultureininga, ein del går til ungdomsskulane og ein del går til til barneskulane. Potten til kvar enkelt skule blir utrekna etter ein fordelingsnøkkelen som gjev grunnskulane ein litt større sum per elev (1,25) enn sentrumsskulane (0,75). Denne modellen baserer seg på fordelingsnøkkelen som Eid kommune nyttar før samanslåinga, ein modell som vart bestemt vidareført etter møter med DKS-utvala i Eid og Selje kommuner før kommunesamanslåinga.

Det vart bestemt at kultureininga skulle administrere to faste tildel kvart år: 4. trinn skal besøkje Norsk fjordhestsenter på Nordfjordeid, og 6. trinn skal besøkje Selja kloster i Selje. Grunngjevinga for valet var:

- Ved å velje desse to aktivitetane vidarefører ein eitt tildel som kvar av dei gamle kommunane har hatt som fast tildel tidlegare.
- Fjordhesten og St. Sunniva er symbola i det nye kommunevåpenet vårt, og er begge viktige delar av kulturarven i Stad kommune.
- Ei av målsetningane i verksemdsplanen for grunnskulen er «å bruke nærmiljøet aktivt i samband med innføring av fagfornyinga i grunnskulen og rammeplan i barnehagane».
- Elevar frå dei ulike delane av kommunen får besøkje kvarandre sine bygder, og på den måten bli betre kjende med kommunen sin.
- Ungdomstrinnet får ikkje noko fast tildel organisert av kultureininga, men dei får til gjengjeld ein større sum per elev til eigenpott.

I 2023 blir også besøk på Sagastad for 5-åringar i barnehagar og 5.trinn i grunnskulane også innført som fast tildel.

Grunnskulane står fritt til å disponere pengane i sin eigen pott, og det er stor variasjon i kva pengane blir brukte til, og kor mange som klarer å bruke opp eigenpottane sine. Det er oppretta eit dokument i Compilo der skulane kan legge inn omtale og kostnadsoverslag over prosjekt og tiltak dei har gjennomført, som kan vere til nytte og inspirasjon for andre skular.

Framtidig organisering av DKS-tilbodet

Etter møtet med dei to tidlegare DKS- utvala i Eid og Selje kommunar vart det bestemt at ein skulle vidareføre Eid sin økonomiske fordelingsnøkkelen og to faste tilbod administrert av kultureininga. Då vart det også bestemt at ein skulle prøve ut denne organiseringssmodellen i to år, og så evaluere ordninga. Grunna koronaen fekk ein ikkje gjennomført nokon tilbod i 2020, så det er naturleg at ein gjennomfører tilboda i 2021 og 2022 før ein evaluerer.

DKS-arbeidet skal også vere forankra i politiske og administrative prosessar i kommunen, såleis må DKS blir omfatta både i plan for kultur og plan for oppvekst. Det er naturleg at ein i dette arbeidet evaluerer tilboden og organiseringa for å sjå om det er noko ein kan endre på eller tilpasse for at ein endå betre skal oppfylle intensjonane til ordninga.

Det er viktig å passe på at DKS-midlar blir nytta i tråd med dei intensjonane som ligg til grunn for utdelinga. Eit viktig mål for DKS-ordninga er at tilboda blir godt forankra i skulane, noko som blir understreka i stortingsmeldinga i DKS-kapittelet:

Ei gjennomgåande problemstilling som blir teken opp i fleire undersøkingar av DKS-ordninga, er samspelet mellom kultursektoren og utdanningssektoren. At kultursektoren og utdanningssektoren samarbeider og samhandlar på alle nivå, er heilt avgjerande for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging av tilboden i ordninga. At DKS er forankra i begge sektorane, og at begge sektorane kjenner eigarskap til DKS, er avgjerande for å sikre at tilboden til barn og unge får høg kvalitet.¹⁷

Både Selje og Eid kommunar hadde DKS-utval sett saman av tilsette i skulesektoren og DKS- ansvarleg frå kultureininga. Dette bør ein vurdere å gjenopprette, slik at ein på ein tydelegare måte enn i dag kan sikre elevmedverknad, knyte tilboden tettare mot lærermåla og sikre at tilboda blir jamt fordelt over dei seks hovudområda. Eit DKS-utval kan også bidra til at det blir jobba jamt gjennom året med DKS ute på kvar enkelt skule. Eit slikt utval kan bestå av kulturkontakter frå kvar enkelt skule, eller ein kan velje færre kulturkontakter som kan vere ressurspersonar for fleire skular.

Ein bør også vurdere om fordelinga av midlar skal skje på ein annan måte. Det er ikkje sikkert at dagens økonomiske fordeling er det som er best egna for Stad kommune i dag og i tida framover. Dagens ordning kan vidareførast i sin heilskap, ein kan vidareføre delar av den, eller ein kan sjå på heile fordelinga på nytt. Ein kan vurdere å legge ein større del av potten til tilboden som blir bestemt av eit DKS-utval, men administrert av kultureininga. På den måten kan ein få eit jamnare tilbod til alle elevane i kommunen, både med tanke på tema og frekvens for hendingar. Ein kan også sjå på om ein kan inngå regionale samarbeid med kringliggende kommunar for å kunne hente inn større turnear, el.

DKS i barnehagar

Stad kommune per 2022 eit tilbod til nokre av barnehagane i kommunen kalla Den kulturelle bæremeisen, som blir levert av Stad kulturskule. Grunna kapasitet i kulturskulen har ikkje alle barnehagane dette tilboden per i dag. St.melding 8 peikar på at det er ynskjeleg å utvikle DKS-tilboden til å gjelde barnehagane også.

Fleire kommunar har lagt til rette for å inkludere barnehagebarn i DKS-tilboden til skolen, og nokon kommunar har laga eigne tilbod til barnehagebarn. Dette er positivt. Dei nye nasjonale måla understrekar at regjeringa ønskjer at Den kulturelle skolesekken inkluderer barnehagen i tilboda og bidreg til å formidle kunst- og kulturtildob til barnehagebarn. Kjerneverksemda til

¹⁷ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/?ch=1>

DKS er elevar i grunnskolen og vidaregåande skole. Gjennom dei nasjonale måla ønskjer samtidig regjeringa å oppmuntre til samarbeid med og inkludering av barnehagebarn.¹⁸

I framtida er det mogleg å sjå om ein del av DKS-pengane skal øyremerkast tilbod til barnehagane.

Den kulturelle spaserstokken

Den kulturelle spaserstokken (DKSS) er ei ordning der kommunane kan søkje om tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre. Spaserstokken skal legge til rette for auka samarbeid mellom kultur- og omsorgssektoren. Slik kan gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt bli utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk.

Kommunane søker på midlane hos Stadsforvaltaren 1. juni kvart år, og tildelingane vert vedtekne på hausten. Kommunene har også det økonomiske rapporteringsansvaret.

Løvingane skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå. Det er svært viktig at kulturtilboden er tilpassa eldre, er tilgjengeleg på arenaer der dei har dagleivet sitt, og at det er eit godt samarbeid mellom kultur- og helsesektoren.¹⁹

Organisering i Stad kommune

I Stad kommune ligg ansvaret for søknad, rapportering og organisering hos kultureininga. Sidan 2020 har tiltaket musikkafé på institusjonane vore hovudprioriteren, der lærarkrefter frå Stad kulturskule har helde månadlege konserter på alle institusjonane i kommunen. Det har i periodar også blitt nytta regionale og nasjonale aktørar til dette tilboden.

Leve heile livet – ei kvalitetsreform

Samfunnet vil i åra som kjem være prega av demografiske endringar. Endringane inneber færre fødde, auka levealder, endra helseutfordringar og auke i flyttestraumar. På nasjonalt nivå vert tal eldre over 80 år meir enn dobla fram mot 2040. Stad kommune vil som alle andre ha den same utviklinga. I tillegg vil framtida kunne innebere mangel på både arbeidskraft, pårørende og frivillige som er villige til å ta seg omsorgsoppgåver.

Regjeringa la fram St.meld nr. 15 (2017-2018) «Leve hele livet – en kvalitetsreform for eldre» for å sikre ein ny og berekraftig politikk slik at alle innbyggjarane skal få ein god og trygg alderdom. Det handlar både om betre tenester og tilbod, men også om eit samfunn der eldre får brukt sine ressursar. Med «Leve hele livet» skal eldre få høve til å mestre eige liv der dei bur – heile livet:

Reformen Leve hele livet skal bidra til at eldre kan mestre livet lenger, ha trygghet for at de får god hjelpe når de har behov for det, at pårørende kan bidra uten at de blir utslikt og at ansatte kan bruke sin kompetanse i tjenestene. Meldingens hovedfokus er å skape et mer aldersvennlig Norge og finne nye og innovative løsninger på de kvalitative utfordringene knyttet til aktivitet og fellesskap, mat og måltider, helsehjelp, sammenheng og overganger i tjenestene.²⁰

¹⁸ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/?ch=4#kap12-4>

¹⁹ <https://www.vestlandfylke.no/kultur/kulturformidling/den-kulturelle-spaserstokken/>

²⁰ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-15-20172018/id2599850/>

Leve heile livet- reformen var vedteken i Stad kommunestyre 25. mars 2021. I vedtaksteksten heiter det:

Utgangspunktet for reforma Leve heile livet er å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre lev gode liv og deltek i fellesskapet. Eldrereforma er regjeringa si hovudsatsing for at eldre skal kunne meste livet lenger, og ha ein trygg, aktiv og verdig alderdom. Den skal legge til rette for betre kvalitet i helse – og omsorgstenesta for eldre, med ei tydeleg forventning om at kommunane legg planar for framtidas tenester for eldre, der kvalitet tryggleik og verdighet har hovudfokus.

I Stad kommune sitt handlingsprogram er det slått fast at ein skal ta omsyn til reforma Leve heile livet i alt utviklingsarbeid og i det vidare arbeidet med samskaping. Målgruppa for reforma er eldre over 65 år, både dei som bur heime og i institusjon. Dette er ei målgruppe med ulike føresetnadnar og store variasjonar i behov og ønsker. Reforma er særleg retta mot helse- og omsorgssektoren, men alle sektorar må og skal bidra for å skape eit meir aldersvennleg samfunn der eldre kan være aktive og sjølvstendige.

I Stad kommune skal Leve heile livet-reforma knytast til alle samfunnsområde. Eit særleg viktig planarbeid blir kommunen sin nye plan for helse og omsorg, men utover dette vil særleg arbeidet med ny plan for fysisk aktivitet, friluftsliv og idrett og ny frivilligpolitisk plattform vere retningsgjevande for reformarbeidet. Det kan elles nemnast at Leve heile livet reforma er heilt sentralt i to av tre delprosjekt under innovasjons- og forskingsprosjektet *Den samskapande kommune*.

KS konsulent har saman med Helsedirektoratet gitt ut eit rettleatingshefte, som vil danne grunnlaget for det vidare arbeidet også i Stad kommune. Heftet ligg ved denne saka til informasjon og som inspirasjon. Skissa under viser korleis arbeidet med reforma grip inn i alle kommune sine kommunalområde, og elles krev mobilisering av alle samfunnet sine ressursar, statlege og kommunale aktørar, frivillige lag og organisasjonar og næringsliv. Og ikkje minst, aktiv deltaking frå kvar einskild i målgruppa.

Reforma har fem hovudfokus: eit aldersvennleg samfunn, aktivitet og fellesskap, mat og måltid, helsehjelp, og samanheng i tenestene. Det er utarbeida kunnskapsnotat for alle fem hovudfokus, og kunnskapsnotatet for aktivitet og fellesskap finn ein i sin heilskap på [www.omsorgsforskning.no²¹](http://www.omsorgsforskning.no)

Stad kommunestyre handsama saka 25. mars 2021, og vedtok følgande:

Stad kommunestyre legg til grunn at kvalitetsreforma Leve heile livet skal danne grunnlaget for Stad kommune sitt vidare arbeid innanfor dei fem prioriterte hovudområda til reforma:

1. *Eit aldersvennleg Noreg: å skape eit samfunn som legg til rette for at eldre kan bidra og delta i samfunnet.*
2. *Aktivitet og fellesskap: å auke aktivitet, gode opplevelingar og fellesskap.*
3. *Mat og måltid: å redusere underernæring og skape gode mat- og måltidsopplevelingar for den enkelte.*

²¹ https://omsorgsforskning.brage.unit.no/omsorgsforskning-xmlui/bitstream/handle/11250/2654393/Leve%20heile%20livet_2_Aktivitet%20og%20fellesskap-web.pdf?sequence=1&isAllowed=y

4. *Helsehjelp: å auke meistring og livskvalitet, forebygge funksjonsfall og gi rett hjelp til rett tid.*
5. *Samanheng og overgang i tenestene: å auke tryggleik og føreseielege pasientforløpet til eldre og deira pårørande*

Aktivitet og fellesskap som ein del av «det kulturelle livsløpet»

Av dei fem prioriterte hovudområda er det punktet om aktivitet og fellesskap som er naturleg å handsame i temaplan for kultur. Kunnskapsnotatet for dette området peikar på fleire område som bidreg til at eldre kan leve heile livet. WHO definerer omgrepet ”aktiv aldring” som ein prosess som skapar og opprettheld ein funksjonalitet som mogleggjer livskvalitet blant eldre. Ulike typar aktivitet, tidleg innsats og tverrfagleg innsats har stor betydning for dette.

Notatet viser også funn frå undersøkingar som viser at aktiv aldring krev aktiv ungdom. Personar som har vore fysisk aktive i ung, vaksen alder er meir aktive som eldre, enn dei som har vore mindre aktive tidlegare i livet. Dette gjer det tydeleg at det er viktig å sjå på aktiv alderdom i samanheng med aktivitetsnivået i befolkninga generelt gjennom heile livsløpet. Dei politiske føringane i Noreg peiker også mot ei satsing på ein aktiv alderdom.

Med dei ulike aspekta av aktivitet som nemnt over, betyr dette at det forebyggande arbeidet som involverer aktivisering må involvere aktørar utover helse- og omsorgssektoren. Ein tidleg tverrfagleg innsats fører til eit livsløp som er aktivt lenger. Dette er grunntanken i Stad kommune sitt omgrep «Det kulturelle livsløpet», og dette var også hovudhypotesen i «Meiningsfullt og aktivt liv i Stad» (MAL-prosjektet) der ein undersøkte om det var ein samanheng mellom aktivitet i kvardagen og nivået av opplevd lukke og tilfredsheit.

Notatet viser også til fem hovudutfordringar og fem løysingar på desse utfordringane:

Fem hovudutfordringar:

- **Einsemد** relatert til endringar i livssituasjon, partnardød, endra helsetilstand og/eller funksjonsnivå
- **Inaktivitet** og aktivitetstilbod som ikkje er tilpassa individuelle ynskjer og behov
- **Manglande ivaretaking** av sosiale, kulturelle og eksistensielle behov
- **Lite systematisk samarbeid** mellom helse- og omsorgstenestene og frivillige/samfunnet elles
- **Manglande møtestadar**, samlokalisering og digitale generasjonsskilje

Fem løysingar:

- **Gode augneblikk:** Eldre bør få tilbod om minst ein times aktivitet dagleg med bakgrunn i eigeninteresser, ynskjer og behov. Aktiviteten skal gje gode opplevingar og augneblinkar i kvardagen og stimulere sansar og minner, rørsler og deltaking i sosialt fellesskap.
- **Tru og liv:** Helse- og omsorgstenestene må syte for at den enkelte si tru- og livssynsutøving og behov for samtaler om eksistensielle spørsmål blir ivareteke. Helse- og omsorgstenesta bør derfor innføre faste prosedyrer og samarbeide med tru- og livssynssamfunn slik at dei kan møte behova til både brukarane og dei pårørande.

- **Generasjonsmøte:** Generasjonsmøter der det blir etablert møtestadar mellom unge og eldre i dagleglivet i både formelle og uformelle kontekstar er fremheva som eit viktig element i arbeidet med aktivitet og fellesskap for eldre. Dette føreset at samfunnet blir strukturert på ein måte som ikkje skiljer aldersgruppene frå kvarandre, men legg til rette for at arrangement, aktivitetar og verksemder inviterer til fellesskap på tvers av generasjonane.
- **Samfunnkontakt:** Det systematiske arbeidet vi gjer for å bygge, oppretthalde og utvikle relasjonar til personar, verksemder, organisasjonar og myndigheiter som har betydning for korleis organisasjonen løyser sine oppgåver.
- **Sambruk og lokalisering:** Integrering i øvrig bumiljø, samlokalisering med anna verksemd og sambruk av lokale, legg grunnlag for gjensidig utnyttinge av ressursar, felles aktivitet, uformelle møter og sosial omgang.

Aktivitet og fellesskap går hand i hand med arbeidet med DKSS, der DKSS kan vere med å bidra til kulturell, eksistensiell og intelektuell aktivitet. Kunnskapsnotatet til «aktivitet og fellesskap» nemner einsemd og isolasjon blant eldre som ein av faktorane som fører til eit lågare aktivitetsnivå:

Sosial isolasjon blant eldre kan skape konsekvenser for den eldres aktivitet og deltakelsesnivå generelt da de ofte mangler andre rammevilkår i dagliglivet som tilrettelegger for aktivitet og deltagelse. Sosial aktivitet er derfor et sentralt aspekt i arbeidet med eldres helse- og omsorgstjenester.²²

Eitt av kriteria i DKSS er: «*Det er svært viktig at kulturtilbodet er tilpassa eldre, er tilgjengeleg på arenaer der dei har dagleglivet sitt, og at det er eit godt samarbeid mellom kultur- og helsesektoren.*» Det bør vere ei målsetjing å knyte arbeidet med DKSS endå tettare saman mellom helsesektoren og kultursektoren, slik at ein kan utnytte kunnskapen til dei to fagfelta endå betre og på den måten syte for eit DKSS-tilbod som treff endå fleire og endå betre.

Statsforvaltaren si rolle i Leve heile livet

Prosjektet skal bidra til at kommunane møter endringane i befolkningssamansetninga på ein måte som gjer at vi kan leve gode liv så lenge som mogleg. Statsforvaltaren har ei sentral rolle i å koordinere reformarbeidet, og skal mellom anna gje alle kommunar tilbod om dialogmøte og sørge for at alle kommunar blir inviterte til å delta i læringsnettverk. Statsforvaltarane er ein del av det regionale støtteapparatet, der også KS og Utviklingssenteret for sjukeheim og heimetenester er med. I tillegg til det regionale støtteapparatet har Statsforvaltaren også ei koordineringsgruppe der fylkeseldrerådet i Vestland, Senter for omsorgsforskning og Vestland fylkeskommune er med.²³

Statsforvaltaren skal bidra til:

- at kommunane utformar gode, tilpassa tiltak og løysingar for arbeidet i eigne planar
- tett og godt samarbeid mellom sektorar i kommunane og hos Statsforvaltaren
- aktive og medverkande eldre i kommunane, og gode, tilrettelagte tilbod
- godt og systematisk arbeid med kompetanseheving, kvalitetsforbetring og pasient- og brukartryggleik i kommunane
- god dialog og likeverdig samarbeid mellom regionalt støtteapparat i fylket

²² https://omsorgsforskning.brage.unit.no/omsorgsforskning-xmxmlui/bitstream/handle/11250/2654393/Leve%20heile%20livet_2_Aktivitet%20og%20fellesskap-web.pdf?sequence=1&isAllowed=y

²³ <https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/folk-og-samfunn/leve-heile-livet/>

MAL-undersøkinga: Eit meiningsfullt og aktivt liv i Stad

Prosjektet «Meiningsfullt og aktivt liv i Stad» vart utarbeida og gjennomført i perioden 2019 – 2020 av kultureininga i Stad kommune og Tinkr. Det vart lagt til grunn ei hypotese om at aktive liv opplevast som meir meiningsfulle liv. Det vart utarbeida ei digital spørjeundersøking som vart gjennomført kvantitativ i alle klasser på ungdomsskulane, med totalt 278 respondentar. I tillegg har ein hatt aktivitetar der ein har gått meir kvalitativt til verks med tre klasser med totalt 57 elevar på Eid, Selje og Stadlandet ungdomsskular.

Undersøkinga gjev eit godt bilet av korleis ungdom i nye Stad kommune:

- Oppgjev sitt aktivitetsnivå både fysisk og sosialt
- Kor nøgde dei er med kvaliteten på tilboda i kommunen
- Kva ynskjer og prioriteringar dei har for tenestene framover
- Kor god livskvalitet ungdomen oppgjev at dei har.

Undersøkinga har fungert godt, og ein har gjort statistiske undersøkingar for å kontrollere dataen.

Undersøkinga har følgjande hovedfunn:

- Aktivitetsnivået er ganske likt i dei to kommunane. Kor ofte ein deltek på kulturelle aktivitetar og sosiale organiserte aktivitetar er områda det er størst forskjell på, der ungdommane frå Eid kommune gjer dette betydelig meir.
- Det er særst store forskjellar på kor nøgde ungdommane i Eid og Selje er med tilboda i kommunen. I Eid er ein gjennomgåande meir nøgde enn i Selje.
- Ein skårar tilnærma likt på livskvalitet i dei to kommunane. Det er store kjønnsforskjellar, der kvinnene skårar lågare enn menn.
- Det er eit gjennomgåande funn at dei som er meir aktive har høgare livskvalitet, uavhengig av kommune eller kjønn.
- Gruppa som har lågast livskvalitet er gjennomgåande mindre nøgde med tilboda i kommunen, uavhengig av om ein er frå Selje eller Eid kommune.

Undersøkinga var delt opp i tre delar; 1) demografiske variablar, 2) aktivitetar og fritid og 3) livskvalitet. Spørsmåla rundt aktivitetar og fritid vart henta frå andre undersøkingar (Helsedirektoratet og Svelvik kommune) men tilpassa relevante aktivitetar i Stad. Spørsmåla om livskvalitet er henta frå ei ny anbefaling om måling av livskvalitet frå Helsedirektoratet.²⁴ Ein brukte dei spørsmåla som ein minimum blir anbefalt å bruke samla. Desse vart oversett til nynorsk, og det vart gjort enkelte forenklingar av språket for å treffe målgruppa betre. Det vart gjennomførte ein testrunde av undersøkinga med 10 ungdommar, 7 personar frå voksenopplæringa og 6 eldre/pensjonistar for å kvalitetssikre og forbetre undersøkinga.

Feilmarginen i undersøkinga vart estimert til å vere på om lag 3%. Dette baserer seg på 278 respondentar i ein populasjon som er på 353 elevar, 252 på Eid, 67 i Selje og 34 på Stadlandet. Dette betyr at undersøkinga gjenspegla populasjonen med +/-3%. Dersom undersøkinga seier at snittet meiner at svaret er 50, vil dette bety at med 95% sikkerhet vil populasjonen svare mellom 47-53. På nokre spørsmål er det færre som har svara, men ikkje slik at det får store utslag i feilmargin. På enkelte spørsmål har ein skilt mellom Eid og Selje. I Selje/Stadlandet er det 93 respondentar av ein populasjon på 101. Talmaterialet er difor svært solidi denne undersøkinga.

²⁴ Helsedirektoratet, rapport IS2727: Livskvalitet – anbefalinger for et bedre målesystem. Bang Nes, Hansen og Barstad 2018

I tillegg til at Tinkr brukte eigne konsulentar med statistisk kompetanse i prosjektet, leigde ein også inn postdoc-kompetanse via Fatih Kaya. Han har jobba mykje med statistikk og analyser innan psykologiområdet. Han kvalitetssikra og kom med innspel til analysene.

Ungdata- undersøkingane


Ungdata er årlege undersøkingar der skuleelevar over heile landet svarar på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv med på fritida. Undersøkingane er tilpassa til barn og ungdom på mellomtrinnet (5. – 7. trinn), ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring. Ungdata-undersøkingane omfattar eit breitt spekter av temaområde. Respondentane svarar på spørsmål om foreldre, vener, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel. På ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring er det også inkludert spørsmål om rusmiddelbruk, seksualitet, risikoatferd og vold. Resultata frå undersøkingane blir mellom anna brukte som kunnskapsgrunnlag i førebyggande ungdomsarbeid, i undervisning og i forsking. I kommunene blir Ungdata nytta som eit kartleggingsverktøy innan oppvekst- og folkehelseområde.²⁵

Rapportane er delte opp i svar frå ungdomstrinnet og vidaregåande trinn. Alle rapportar ligg offentleg tilgjengeleg på Ungdata sine heimesider.²⁶ Siste undersøking for Stad kommune vart gjennomført våren 2021. Tabellane under er henta frå rapporten frå ungdomstrinnet, der 302 elevar svarte på undersøkinga.

Tema: Lokalmiljøet / Nok lokaler til å treffe andre

Prosentandel som opplever at tilboden av lokaler til å treffe andre unge på fritida er bra:
Hele Norge: 48 % - Stad kommune: 36 %

Prosentdel gutar og jenter som opplever ulike tilbod til ungdom i nærmiljøet som svært eller nokså bra




Kjelde: Ungdata, 2021. Trendrapport Stad ungdomsskular

²⁵ www.ungdata.no

²⁶ <https://www.ungdata.no/rapporter/>

Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld...




Dei fleste ungdommene opplever at kulturtilbodet og tilbod av idrettsanlegg er bra. Kollektivtilbod og lokale der ein kan treffe andre unge opplevast ikkje like bra. (Kjelde: Ungdata, 2021. Trendrapport Stad ungdomsskular)

Fleire kartleggingar har vist at særleg barn og unge frå ytre delar av Stad ynskjer seg fleire aktivitetstilbod og møteplassar.

«Når det gjeld kva som er mindre kjekt med heimpllassen, fortel mange av barna at dei saknar andre typar fritidsaktivitetar enn fotball. Dei ønskjer seg idrettshall med blant anna klatrevegg, ein svømmehall/badeland og ein terrengsykkelbane. Det er dumt at ein må reise andre stader for å eksempel kunne delta på turn. Elles ønskjer dei seg leikestativ i parken og fleire butikkar i Selje. Nokon saknar fleire møtestadar for ungdom.» (Barnetrakk Selje, 2021).

Kor godt nøgd er du med lokalmiljøet der du bur? Prosent i Stad kommune og nasjonalt



Kjelde: Ungdata, 2021. Trendrapport Stad ungdomsskular

4.1.2 Frivilligkeit og samskaping

Dette avsnittet ynskjer vi å utdjupe med meir informasjon og fakta.

Dei frivillige utfører frivillig arbeid. International Labor Organization (ILO) definerer frivillig arbeid som ikkje-obligatorisk arbeid, det vil seie den tida ein person brukar på å utføre ein eller fleire aktivitetar - anten gjennom ein organisasjon, eller direkte overfor andre utanfor eiga hushaldning - utan å ta betalt. I tillegg vert det vektlagt at tenesta eller aktiviteten må vere til fordel for samfunnet, miljøet, eller andre enn nære slektingar eller personar som kan rekna til eiga hushaldning.

I [Meld. St. 10 \(2018–2019\) Frivilligheita – sterk, sjølvstendig, mangfaldig — Den statlege frivilligheitspolitikken²⁷](#) står det:

“Utan ein sterkt, sjølvstendig og mangfaldig frivillig sektor ville vi ikkje ha hatt det vi set mest pris på, nemleg eit demokrati prega av ytringsfridom der enkeltmenneske får bruke ressursane sine og oppleve meistring i samspel med og med omsorg for kvarandre.”

Frivilligsentralane er m.a. oppretta for å ivareta og tilrettelege for dette lokale mangfaldet.

Frivillige organisasjonar bidreg til kompetanse, læring og inkludering og gir folk i alle aldrar anledning til å møtest, engasjere seg og vere en del av et fellesskap.

4.1.3 Fyrtårn

Kulturlivet i Stad har vore viktig for samfunnsutviklinga, stadidentiteten og omdømmet Stad kommune har i dag. Styrken i kulturfeltet i Stad kommune har vore evna og viljen til samarbeid og samskaping mellom frivillige, private aktørar og det offentlege. Denne trepartsmodellen har vore grunnlaget for fleire store kulturelle suksessar i Stad, og desse refererer vi til i denne planen som **kulturelle fyrtårn**. Dette er mellom anna:

- Opera Nordfjord
- Malakoff Rockfestival
- Sagastad
- Operahuset Nordfjord
- Fjordane folkehøgskule
- Norsk fjordhestsenter
- Selja kloster

Desse fyrtåra har nedslagsfelt som går langt utanom kommunegrensene våre. Dei har heilårs kulturarbeidsplassar knytte til seg og gjev økonomiske ringverknadar både lokalt og regionalt. Fyrtåra er eit viktig grunnlag for at Stad kommune kan ta ein posisjon som kulturelt kraftsenter, jamfør Vestland fylkeskommune sine satsingsområde i ny regional plan for kultur, idrett og friluftsliv.²⁸ Det har teke lang tid å bygge opp desse fyrtåra, og det er viktig at vi ikkje tek for gitt at dei er her. Difor har vi i planen laga delmål og strategiar direkte knytt til korleis vi kan ta vare på å vidareutvikle desse.

Opera Nordfjord

Stiftinga Opera Nordfjord vart skipa i 1998 etter initiativ frå ekteparet Kari Standal Pavelich og Michael Pavelich, og er i 2022 inne i sin 25. sesong med opera- og operetteproduksjonar. I tillegg til dei årvisse haustproduksjonane har Opera Nordfjord hatt fleire konsertturnear i fylket, frå klassisk

²⁷ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-10-20182019/id2621384/>

²⁸ <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/kultur/regional-plan-for-kultur-idrett-og-friluftsliv-20232035/220906-regional-plan-for-kultur-idrett-og-frivilligkeit-hoyringsutkast.pdf>

operagallarepertoar til urframføring av norsk opera og samarbeidsprosjekt med Firda vgs, som Requiem av Verdi. Fire somrar arrangerte dei Opera Workshop for operasongarar og -studentar med Elizabeth Norberg-Schulz, og har tett samarbeid med Eid vgs om oppsetting av skulemusikalar i vårsemesteret. Arbeidet til Opera Nordfjord er tufta på det omfattande og viktige dognadsarbeidet til fleire hundre frivillige innan m.a. kulisgearbeid, kostymesaum, lyssetting, hår og sminke og servering. Samarbeidet mellom profesjonelle aktørar og glade amatørar i kor og produksjonsapparat har vore avgjerande for Opera Nordfjord sin framvekst og suksess.

Kari og Michael Pavelich vart tildelt Kongens fortjenestemedalje i 2018, på premieren til 20-årsjubileumsframsyninga til Opera Nordfjord. I 2005 fekk dei fylkeskulturprisen for sitt arbeid for og med Opera Nordfjord.

Opera Nordfjord får fast løyving i statsbudsjettet: 5.815.000 kroner i 2022.

Omsetnaden i 2020 var på knappe 10 milionar kroner.

Administrasjon

Operasjef: Kari Standal Pavelich

Kunstnarisk leiar: Michael Pavelich

Produsent: Ine Nord

Økonomisjef: Ranveig Årskog

Medieansvarleg: Veir AS

Styre v/styrelieiar Arve Espe

Dugnadsggrupper:

Kostyme

Kulissar

Hår/sminke

Servering/vakt/garderobe: Operaens venner

Parkering/uteområde

Operaens Venner Nordfjord er ein organisasjon som skal støtte opp om og skape entusiasme rundt Opera Nordfjord sitt arbeid. Operaens venner bidreg med støtte og hjelp i samband med arrangement i eigen eller i Opera Nordfjord sin regi. Dei skal arbeide for å utvikle interessa for opera og liknande i Nordfjord og omliggjande distrikt, og arrangerer sosiale arrangement i samband med operaoppsettingar. Operaens Venner har dei siste åra vore ansvarlege for servering/bar på framsyningane til Opera Nordfjord.

Hovudproduksjonar

År	Produksjon	Publikum	Belegg
2022	La Traviata		
2021	Jorden rundt på 80 dager	2349	61 %
2020	Mannen frå La Mancha	1568	98 %
2019	Hans og Grete	2466	63 %
2018	La Boheme	3601	92 %
2017	Sildagapet <i>Tingingsverk</i>	3751	96 %
2016	Hoffmanns eventyr	2596	71 %
2015	Maskeballet	2596	66 %
2014	Søner av sola	2465	63 %
2013	Flaggermusen	3703	76 %

2012	Madama Butterfly	3909	80 %
2011	Tryllefløyten	4805	97 %
2010	Norge-Brasil, ein opera <i>Tingingsverk</i>	4734	96 %
2009	Carmen	3946	100 %
(I aulaen på Fjordane folkehøgskule:)			
2008	Hertuginna av Chicago		
2007	Jegerbruden		
2006	Eugen Onegin		
2005	Rigoletto		
2004	Den glade enke		
2003	Tosca		
2002	Figaraos bryllup		
2001	Elskovsdrikken		
2000	La Boheme		
1999	La Traviata		
1998	Flaggermusen		

Familieproduksjonar

Reisa til julestjerna -november 2020

Fargespel Nordfjord - april 2019

Annie - november 2018

Du er god, du, Charlie Brown - november 2016

The Sound of Music – oktober/november 2015

Nøtteknekken - oktober 2013, parallelt med hovudproduksjonen Flaggermusen.

Konsertar

Operagalla 2022

Den store julekonserten 2019 og 2021

Sagas 2021 (konsertdato flytta tre gonger grunna korona)

Fargespel Nordfjord 2019

Score 2018

Puccini operafavorittar Messa di Gloria 2017

Beethovens 9. symfoni 2015

Turandot 2014

Messias 2013

Strauss- og Wagneraften 2012

Requiem av Verdi 2010

Tyrfing 2009

Opera Nordfjord som kulturarbeidsplass og kompetansehevar

Opera Nordfjord er ein av distriktsoperaene i Noreg og utgjer eit viktig kompetansemiljø i distriktet. Distrikta har færre arbeidsplassar innanfor kultur og kreative næringar enn byane og dei bynære regionane. Opera Nordfjord spelar difor ei viktig rolle for kulturlivet og kulturnæringane og skapar store ringverkander også utanfor eigen organisasjon.

Dei store og profesjonelle produksjonane gjev mogelegheiter og faglege utfordingar som ein ikkje hadde hatt i vår region utan Opera Nordfjord. Operaen baserer si drift på å leige inn kompetanse til sine prosjekt. Basert på kva produksjonen krev hentar dei dette frå heile verda, men dersom kompetansen finnast lokalt, vert den brukt. Det gjev mogelegheiter og inntekter for frilansarar frå fylket. I tillegg vert musikarar som til vanleg er tilsett som lærarar og distriktsmusikarar engasjerte til

operaorkesteret. Dette gjev fagleg påfyll som er viktig for den jobben dei gjer på sin ordinære arbeidsplassar. Ein del av desse stillingane er også deltidsstillingar, og då kan Opera Nordfjord gjere det mogeleg for dei å livnære seg som kunstnar i vårt fylke. Dette gjeld ikkje berre musikarar, men også koreografar, teknikarar, dansarar m.fl. Kulturskuleelevar og andre unge musikarar får verdifull trening, erfaring og utfordingar som musikarar i operaorkesteret.

Mange nye prosjekt og idear kjem lettare i gong på grunn av Opera Nordfjord. Høve til å låne kostyme og rekvisittar er ein viktig del, men like viktig er at dei tilsette deler av sin kunnskap til andre aktørar og gjev tips og rettleiing der det trengs. Mange personar, både profesjonelle og amatørar, får kvart år vere ein del av operaproduksjon av høgt kunstnarisk nivå og lære kva dette betyr. Erfaring og kunnskap herifrå vert brukt rundt andre stadar i andre samanhengar. Opp gjennom åra har mange unge som har vore med i barnekor, operakor eller scenearbeid gått vidare med høgare utdanning innan scenekunstfeltet og er i dag profesjonelle artistar i inn- og utland. Opera Nordfjord har ei viktig rolle i å gje dei unge sceneerfaring, instruksjon og inspirasjon til å tote å satse på eit liv som kunstnar, artist eller scerneteknikar – dette er eit sjølvpålagt oppdrag som er meiningsfylt og motiverande for oss!

Samarbeidet med yrkesfagklassene ved Eid vidaregåande skule har pågått sidan 2005 og er ei verdifull utveksling av kompetanse, erfaring og arbeidskraft mellom dei to partane. Operaen stiller gratis med scenograf og all den kompetansen vedkomande sit på, og skulen stiller med dyktige faglærarar og elevar som utfører omfattande og viktig kulissearbeid for operaen, i tett samarbeid med dei frivillige snikkarane. Etter at utdanninga for frisør kom til Eid vidaregåande skule har ein også oppretta eit samarbeid med denne linja, der både lærarar og elevar medvirkar i maskearbeidet til operaen.

Opera Nordfjord er ein stor kulturprodusent med produksjonar som kostar fleire millionar kroner. Mykje av dette går tilbake til lokalt næringsliv.

Malakoff Rockfestival

Malakoff Rockfestival vart starta i 2003 av tre ungdomar frå Nordfjordeid. Frå ein festival med 650 besøkande første året, har den utvikla seg til å bli ein sentral aktør innan sin sjanger på Vestlandet med 4 500 besøkande i 2007, 11 000 i 2009, 17 000 besøkande i 2012 og utselt festival med 26-28 000 besøkande fram til 2019. I 2020 og 2021 vart det arrangert alternative festivalar under pandemien, og i 2022 var det 25 000 besøkande under festivalen som var tilbake i ordinært format. Malakoff er ein viktig del av oppveksten til barn og ungdom på Nordfjordeid. I tillegg er festivalen ein av dei viktigaste årlege møtestadane for folk som bur eller har tilknyting til Eid og Nordfjord.

Arrangørane har vist evne og vilje til nytenking for å vere aktuelle og relevante for publikummet sitt. Festivalen er stadig på jakt etter nye, spennande og kreative utøvarar som kan gjere festivalen endå meir attraktiv for målgruppa. Dei har eit vake blikk mot unge nyestablerte artistar, som gjennom Malakoff får ein arena dei kan bruke for å nå ut til eit nytt og større publikum. Dette er musikalsk entreprenørskap av vital betydning.

Malakoff har blitt eit reisemål og har auka kjennskapen til Nordfjord i store deler av landet. Malakoff er eit godt døme på kva ungdommeleg innsats har å seie for å utvikle kulturlivet i fylket. Festivalen fann på rekordtid sin plass blant dei etablerte rockefestivalane i landet. Malakoff er blitt eit reisemål og har auka kjennskapen til Nordfjordeid i store deler av landet. Fylkeskulturprisen for 2013 gjekk til Malakoff Rockfestival. Grunngjevinga var at festivalen på Nordfjordeid har gjort seg bemerkna nasjonalt og for å bidra til godt omdøme for heile Sogn og Fjordane.

I 2009 opna festivalen klubbscena Gymmen Scene og studio. Dette kom i stand ved hjelp av midlar frå Bulyst- programmet til Kommunaldepartmentet, saman med løyingar frå Sogn og Fjordane

Fylkeskommune og Eid kommune på totalt 1 million kroner. Det har sidan vore heilårsdrift i desse lokala, drifta av Malakoff Rockfestival i samarbeid med Stad kommune og Vestland fylkeskommune. Desse lokalitetane er mellom anna kjernen til samarbeidet med Kulturskulen i Stad kommune, gjennom å vere både eit øving- og framføringslokale.

Organisering og drift

Malakoff Rockfestival er ein ideell organisasjon. I 2022 hadde festivalen 25 mill i driftsinntekter der 200.000 kr er offentlig støtte. Driftsutgiftene var på 28 mill.

I 2022 er det to fast tilsette som utgjer 2 årsverk, og ein innleigd ressurs på heilårsengasjement som går på timer. Dei har fordelt oppgåvene knytt til den daglege drifta og ulike satsingsområder mellom seg, og jobbar både individuelt og som team. Dei frivillige er bygd opp gjennom grupper som bidreg med spisskompetanse på sitt fagfelt. Der er det gruppeleiarar som har ansvar for dei nærmare 1000 frivillige som deltek under sjølve avviklinga.

Festivalleiringa sit til dagen som ein del av ei kompetanseklunge knytt til Operahuset, der ein saman med dei kommunalt tilsette innan kultur og Opera Nordfjord, sit på sterke ressursar knytt til arrangørkompetanse og gode fasilitetar og utstyr. Dei har også samarbeid med andre festivalar i regionen når det gjeld utveksling av erfaringar og samkjøring i høve anleggsutstyr. Dette vil bli enda viktigare i åra som kjem der det vil bli større krav og forventingar til mellom anna sanitær, sikkerheit og logistikk for publikum.

Økonomi

Malakoff har ikkje økonomisk tilskot frå Stad kommune, men har ein samarbeidsavtale som inneberer at dei bidreg med utstyr og tenester som tilsvarar ein verdi på om lag kr 300 000. Festivalen søker ikkje kommunen om økonomisk tilskot så lenge denne avtala gjeld. Stad kommune, tidlegare Eid kommune, har vore ein viktig samarbeidspartner for festivalen med liknande avtaler sidan starten i 2003. Vestland fylkeskommune har i 2022 tildelt festivalen kr 100 000,-. Vestland fylkeskommune, tidlegare Sogn og Fjordane Fylkeskommune, har tildelt kulturmiddlar til Malakoff sidan 2018.

Samhandling og synergiar er, og har alltid vert, viktige strategiar for utvikling i rett retning for lokalsamfunnsprosjektet og organisasjonen Malakoff Rockfestival. Festivalen er eit godt lokalsamfunnsprosjekt og ein viktig regional utviklingsaktør. Malakoff har ei rekke langsigktige lokale og regionale samarbeidspartnerar, med ein lokal bank som generalsponsor, og ulike mat-, drikke-, kraft- og tenesteleverandørar på ulike sponsornivå. I 2019 sat festivalen i førarsetet forein ny samarbeidsmodell innanfor tryggleiks- og beredskapsinnstansar. Gjennom tett samarbeid med politi, brann og helse vart det utarbeida ein ny tryggleiks- og beredskapsplan for Malakoff.

Malakoff Rockfestival spelar ei svært viktig rolle for lokalsamfunnet og regionen rundt. Festivalen har mellom 800 - 1.000 frivillige som kvart år brettar opp ermane og bidreg med kompetanse og dugnadskraft for å arrangere ein festival som skal levere eit kvalitetsprodukt på alle nivå. Festivalen signerer oppdragsavtaler med 15 ulike lag og organisasjonar i regionen som med dette får store tilskot til sine klubbkasser som dei kan nytte til å drive viktige aktivitetar for barn og ungdom resten av året. I 2022 var den samla utbetalinga til lag og organisasjonar på 1,3 millionar kroner.

Malakoff Rockfestival er ein festival over 4 dagar, der 3800 camparar i tillegg til dei omkring 3000 andre tilreisande som kjem til Eid, legg igjen betydelige summar hjå handel- og reiselivsnæringa i

løpet av festivalveka. Nabokommunar har også auke i trafikken på sine aktivitetar, som viser regionale ringverknadar. Av festivalbudsjettet på 28 millionar går omkring 50% til kjøp av varer og tenestar lokalt. Malakoff er ein utviklingsaktør der samarbeid med bedrifter og institusjonar bidreg til produkt- og tenesteutvikling innan reiseliv, tekniske tenester, tryggleik- og beredskap, handel og skule. Innan handel er det godt dokumentert at Malakoff bidreg til omsetningsauke, og er den perioden det er størst omsetning i handelsnæringa på Eid.

Administrasjon:

Festivalsjef Arnt-Ivar Naustdal
Administrasjonssjef Gunn Guddal

Dugnadsgrupper:

Arena
Bar
Kiosk/frivilligmat
Tryggleik
Backstage

<https://malakoff.no/>

Sagastad

Dette avsnittet ynskjer vi å utdjupe med meir informasjon og fakta.

Sagastad opna 10. mai 2019 og er eit kunnskapssenter av nasjonalt format. Senteret er forankra i forsking i samarbeid med Universitetet i Bergen og Middelalderklynga. Den mest sentrale delen av senteret er det spektakulære Myklebustskipet. Skipet ligg midt i senteret, omringa av interaktive utstillingar som hovudsakleg er knytte til skipet og dei andre gravfunna på Nordfjordeid.

Senteret harheilårsdrift med moglegeheter for selskap, konsertar, foredrag og andre arrangement.

Administrasjon

Dagleg leiar Eli Førde Aarskog
Sal og marknad Aurora Leivdal
Teknologi Jacob Bredesen

Operahuset Nordfjord

Sjå omtale i kapittel 4.6

Fjordane folkehøgskule

Dette avsnittet ynskjer vi å utdjupe med meir informasjon og fakta.

Fjordane folkehøgskule er ein inkluderande skule med eit eineståande fellesskap av ungdom frå alle dei spennande linjene våre.

Skulen er ein frilynt skule som har plass til 102 elevar. Vi som jobbar her er privilegerte som får møte ungdom som brenn for dei same fagområda som oss. Vi vil utfordre deg til å strekke deg litt lenger, prøve nye ting og få nye erfaringar. Då ligg alt til rette for fagleg og personleg utvikling. Du vil kjenne glede og meistringsfølelse over fagleg og personleg framgang, og du får oppleve alt dette i eit inkluderande fellesskap som gjev deg venner. Fjordane folkehøgskule har ei unik linjesamsetning, med veldig ulike linjer som alle har sitt sær preg og ei form for lokal forankring. Dette gjer at du får

sjansen til å bli kjent med mange forskjellige typar folk. Det er spennande å både få vere saman med folk som deler dine interesser, og kan vidareutvikle dei ilag med deg, men også å treffe personar som har heilt andre fokusområder enn det du sjølv har. Dette vil vere med på å berike kvardagen din, og utvikle deg som menneske.

Norsk fjordhestsenter

Dette avsnittet ynskjer vi å utdjupe med meir informasjon og fakta.

Norsk Fjordhestsenter er eit kompetansesenter for fjordhesten, med informasjons- og rådgivingsteneste for alle forhold rundt denne heilnorske hesten. Ei av hovudoppgåvene er å fremje avl og bruk av fjordingen. Det er også stor kursaktivitet ved senteret gjennom året, og Fjordane folkehøgskule har si undervisning her. Vår og sommar er det høg aktivitet ved seminstasjonen.

Norsk Fjordhestsenter vart oppretta i 1989 og er eigd av Norges Fjordhestlag, Eid kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Selja kloster

Sjå omtale i kapittel 4.4.

4.1.4 Kulturarenaer

I samband med kommunesamanslåingsarbeidet, vart det i 2018 utarbeida ei oversikt over kulturhus i dei to kommunane Eid og Selje. Sidan Bryggja på dette tidspunktet ikkje var ein del av planane om å vere med i Stad kommune, er ikkje lokale på Bryggja med i denne oversikta. Dette skal leggast inn i oversikta. Kulturhus vart i denne samanhengen definert som forsamlingshus; grendahus, samfunnshus, bedehus osv. Dermed blir det eit spenn frå operahus via nedlagde skulehus til samlingsheimar. Dei to idrettshallane i kommunane er med, men ikkje klubbus t.d. tilknytt fotballstadion, og heller ikkje hotell, utestader og liknande. Oversikta viser at det er 43 kulturhus i kommunene Eid og Selje, der fordelinga var 16 hus i Selje og 27 i Eid. I tillegg til dette kjem også 9 skulebygg og 7 kyrkjer. Oversikta med omtale ligg som vedlegg til temaplanen.

«Huset i bygda» er ein organisasjon under Noregs ungdomslag som skal skape synlegare og sterkare organisasjonseigde kulturbrygg i Noreg. Dei bidreg med økonomiske midlar, kompetanse og kunnskap til lokale lag og organisjonar, og er ein viktig støttespelar for huseigarane.

Rapporten «Er det rom for kultur i norske kommuner», utarbeida av Telemarksforsking, belyser bruken av og behovet for kulturlokale i 17 norske kommunar. Rapporten kan lesast i sin heilskap her: [Er det rom for kultur i norske kommuner? | Telemarksforsking](#)²⁹

²⁹ <https://www.telemarksforsking.no/publikasjoner/er-det-rom-for-kultur-i-norske-kommuner/4139/>

4.1.5 Kulturbasert næring

Profesjonelle kulturarbeidsplassar


Dette avsnittet ynskjer vi å utdjupe med meir informasjon og fakta.

VAKN-modellen

VAKN står for «Vårt akademi for kultur og næring» og var eit samarbeid mellom offentlege og private aktørar som Eid kommune, Eid vidaregåande skule, Malakoff Rockfestival, Nordfjord hotell, Opera Nordfjord og Nordfjordeid Næringshage i perioden 2010 – 2014. Prosjektet skulle seie noko om kva som må vere til stades for å jobbe med kulturbasert stadsutvikling og næringsutvikling i distrikta. Desse erfaringane vart samla i det som vart kalla for VAKN-modellen. Samspele, kjennskap, koordinering og nettverk mellom det offentlege, frivillige og private kulturlivet var nøkkelord for gode resultat. Modellen skulle ikkje vere forsøk på ein fasit, men var tenkt å fungere som eit verktøy for andre som arbeidde med kultur og næring i distrikts-Norge. Den omtala også korleis ein kommune kan støtte opp om eldsjeler og andre idémakarar.

Sjølve VAKN-modellen er basert på korleis fleire av dei kulturelle fyrtårna i Stad kommune har oppstått og vore organisert. Ei bevisstgjering av suksessfaktorane bak dei kulturelle fyrtårna kan vere med på å vidareutvikle dei vi har, samt skape nye.

VAKN-modellen gjev oss innsikt og kunnskap omkring prosessar og mekanismar for utvikling av kulturnæringer og kulturbaserte næringar, i skjæringspunktet mellom privat, frivillig og offentleg sektor.



Den fullstendige VAKN-rapporten ligg ved som vedlegg til planen.

Kunst i Stad

Dette avsnittet ynskjer vi å utdjupe med meir informasjon og fakta.

Stortingsmelding 8 «Kulturens kraft - Kulturpolitikk for framtida» seier dette om kunsten si rolle i samfunnet:

«Kunst har ei sentral rolle i det moderne samfunnet. Kunsten gir oss eit mangfald av opplevingar, dels gir han ei reint estetisk oppleving, dels medverkar han til refleksjon og til å setje dagsordenen. Kunsten tek del i den viktige diskusjonen om etiske verdiar i ei kompleks samtid. Gjennom felles opplevingar styrker kunsten fellesskap i ei stadig meir oppdelt offentlegheit. Slike fellesskap er ein føresetnad for å halde oppe og utvikle alle liberale demokrati. Kunsten medverkar til forteljinga om kven vi er, og diskuterer kven vi bør vere. Kunstnarar står for ein viktig del av meiningsbrytinga i samfunnet, derfor er det viktig at kulturlivet er sjølvstendig, og å unngå at offentlege styresmakter grip inn i kunstnariske val.

Kunstnarar har i lang tid engasjert seg i og blitt inspirerte av aktuelle samfunnstema. Kunst er ytringar som rører menneske på andre måtar enn media og politikk, og kunstnarar kan med kunsten kaste lys over tematikk på nye måtar. Kunsten kan spegle røynda på måtar som kan fremje felles forståing og bringe oss nærmare sanninga. På sitt beste er kunsten i stand til å gi oss innsikt som vi ikkje kan oppnå på andre måtar.»³⁰

Norsk kulturindeks om kunstnarar i Stad

Norsk kulturindeks sin rapport om kunstnarar i Stad kan lesast i sin heilskap på www.kulturindeks.no
³¹

Rapporten definerer kunstnarar som musikarar og komponistar, film- og scenekunstnarar, visuelle kunstnarar og forfattarar registrerte i 19 kunstnarorganisasjonar. Desse fordeler seg slik:

- Musikarar og komponistar (7)
- Visuelle kunstnarar (13)
- Film- og scenekunstnarar (2)
- Forfattarar (2)

Ut frå desse tala legg rapporten til grunn at i Stad bur det 2,54 kunstnarar per 1000 innbyggjarar. Denne andelen er omtrent halvparten av landsgjennomsnittet, og tredje lågast av dei andre kommunane vi samanliknar oss med. Dette plasserer oss som nr. 157 på landsbasis. Det var ei auke i kunstnar-tettleik frå 2019 til 2020, frå 2,10 til 2,54. Det er ingen tildelingar frå Statens kunstnarstipend sidan 2018.

Det er verd å merke seg at tala til kulturindeksen ikkje tek høgde for kunstnarar som ikkje er medlemmar av kunstnarorganisasjonar.

I Stad kommune er det busett kunstnarar som driv innanfor desse kunstfelta:

- Husflid
- Foto og film
- Bildande kunst i ulike materiale
- Design/mote
- Performance
- Forfatterskap/ lyrikk
- Grafisk design

³⁰ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-8-20182019/id2620206/?ch=2#kap2>

³¹ <https://kulturindeks.no/rapport/4649/3/1>

- Grafikk

Utstillingslokale

I dag finnast det få eigna utstillingslokale i Stad kommune for kunst. Kulturhuset Gamlebanken eit regionalt galleri og visningslokale for kunst. Nokre kunstnarar nyttar også eigne atelier til visningsarenaer.

Medverknad

Stad kommune inviterte til medverknadsmøte med kunstfeltet på Bryggja kulturhus 20. juni 2022. Her møtte totalt 11 kunstnarar frå ulike felt og disiplinar. Det vart jobba med spørsmål:

«Kva tiltak kan gjere tilhøva for kunstfeltet betre?» Svara er lista opp her:

- Kulturskule – visuell kunst for også ytre del av kommunen
- Også rimelegare for dei som går på kulturskule
- Bruk kunstnarar som rådgjevarar
- Sjå på kunstarar som ressurs
- Fleire visningssenter for kunst
- Økonomisk støtte til arrangement/ workshops
- Håndverk + konsept (samarbeid)
- Informasjonskanaler – tydligere – dialog
- Lokaler med rimelig leie til atelier/verksted
- Art trails – besøk åpne studio
- Møtestadar: utstillingsplass, kreative rom, verksted, varierande møteplassar
- Tilskudd til produksjon av kunst
- Fortsette dialog om kunst i lag
- Synleggjering – alle aldersgrupper – mangfald
- Formidle kvifor kunst er viktig for samfunnet
- Kunst er viktig fordi:
 - Det inspirerer til kreativ tenkning
 - Det stimulerer til ettertanke og vekst
 - Det utforsker vanskelige spørsmål
 - Det kan hjelpe med å gi mening til kvar dagen og livet
- Open studio
- Stipend/ monetary support
- Collaboration
- Quality
- Workshops
- Public engagement
- Visibility
- Interest
- Promote
- Mediehus for film og foto
- Studio
- Kontorlokaler
- Utstilling
- Workshoparena for billedlig kunst

«Korleis kan vi samskape?» Svara er lista opp her:

- Møteplasser
- Forutsigbarhet i samarbeidet begge veier
- Tydelig oversikt over hvem, hva, hvor
- Oppfølging begge veier – tillit
- Felles kanaler – kontaktfelt
- Kontinuerlig dialog
- Tilstedeværelse
- Gjensidig interesse
- Økonomisk plattform
- Hvem tar dugnadsbiten? Betalte verv!
- Jevne møter, varierte: kommune/kunstnere, praktisk/teoretisk, ytre/indre
- Kommunen legg til rette for lokal kunst i utsmykking av kommunale bygg, både nye og gamle.
Påeverkar utbyggjarane i området itl å bruke lokale, td. Selje hotell
- Active engagement
- Shipstunnel? Built cultural activity of international standard around it
- Sjå moglegheita i den andre
- Turistnettsida for Stad må opp og gå
- Arena for dialog
- Workshops/prosjekt
- Knyte i hop dei forskjellige grupper
- Spalte i avis
- Eid inviterer
- Trivsel Selje

4.2 Kulturskule

Stad kulturskule tilbyr undervisning i musikk, dans og kunst til barn og unge i alderen 3 til 20 år. Det er 6,4 årsverk knytt til kulturskulen fordelt på til saman 13 tilsette. Tal elevplassar er per 01.01.2022 339 fordelt på 275 elevar. Om lag 120 elevar står på venteliste.

Stad kulturskule tilbyr undervisning i faga dans, piano, strykeinstrument, gitar, trommer, song, messinginstrument, treblåseinstrument, visuell kunst, band og orkester. Kulturskulen sel i tillegg tenester til kor, korps og spelemannslag, inklusiv aspirant- og junioropplæring, samt gir eit tilbod i musikkbarnehage.

Kulturskulen sine fag er organisert innanfor tre opplæringsprogram med ulik profil og målsetjing: Breiddeprogrammet, Kjerneprogrammet og Fordjupningsprogrammet. Programma tek vare på behovet for tilpassa opplæring og er gradert i samband med undervisningsmengd og eigeninnsats.

Kulturskulen sine lokale er samlokalisert med Eid ungdomsskule, i tillegg underviser lærarane desentralisert på 8 andre skular i kommunen. Undervisninga går føre seg både i skuletid og etter skuletid. Andre undervisningslokale nytta av kulturskulen er Valhall og Gymmen, samt fleire bygde- og samfunnshus i kommunen.

Stad kulturskule er ein aktiv aktør i lokalsamfunnet. Vi samarbeider med skulane, barnehagane, integreringstenesta, Operahuset, Opera Nordfjord, Gymmen scene og studio, Kulturhuset Gamlebanken, Selje Prestegard, eldreinstitusjonar i kommunen, frivillige lag og organisasjonar som kor, korps og spelemannslag, kyrkja, Malakoff Rockfestival, Ung kultur møtast (UKM) og det private næringslivet. I samarbeid med desse har kulturskulen mange større og mindre framsyningar i løpet av året der elevane får høve til å utfalde seg kreativt.

Historikk

Eid kommunale musikkskule starta opp hausten 1987. I 1999 vart sak om omlegging frå rein musikkskule til kulturskule vedteke. Frå og med 01.01.2016 vart Kulturskulen i Eid slått saman med Operahuset og Biblioteket til ei større eining i kommunen som i dag heiter Kultur.

I 2019 hadde Selje kommune 45% stilling fordelt på 30% pianoundervisning og 15% gitarundervisning. Dei hadde samla 11 elevar. Sommaren 2019 gjekk pianolærarar av med pensjon og stillinga vart forsøkt besatt i Selje, utan å lukkast. Difor vart stillinga vidareført med lærar frå Eid kulturskule.

I samband med kommunesamanslåinga vart Kulturskulen i Eid og Kulturskulen i Selje slått saman frå og med 01.01.2020. Kulturskulen heiter i dag Stad kulturskule.

Planverk og føringer

Med [Stortingsmelding 18 \(2020-2021\) «Oppleve, skape, dele Kunst og kultur for, med og av barn og unge»](#) presenterer regjeringa for første gong barne- og ungdomskulturfeltet som eit samla politisk satsingsområde på nasjonalt nivå. Målet er å gje alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilgang til kunst og kultur, å sikre at kunst og kultur som blir skapt for og formidla til barn og unge er av høg kvalitet, og å gje alle barn og unge moglegheita til å oppleve og å skape kultur på eigne premiss.

Hovudbodskapen i meldinga er at alle barn og unge skal få medverke i kunst- og kulturpolitikken, at alle barn og unge skal få sjansen til å vere med på kunst- og kulturtildoda dei er interesserte i, og at kunsten og kulturen som blir laga for barn og unge er av høg kvalitet. Kulturskulen har fått ein sentral plass i denne meldinga, då heile kapittel 8 er via til kulturskulen.³²

Kulturskulen sitt samfunnsoppdrag er forankra i Opplæringslova § 13-6: «*Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytniing til skuleverket og kulturlivet elles.*»³³

Mål for Stad kulturskule

Rammeplan for kulturskulen, «Mangfold og fordjuping», ble utgitt i 2016 av Norsk kulturskoleråd på oppdrag frå kommunane i Noreg. I 2020 utarbeida Stad kulturskule ein lokal rammeplan, «Rammeplan for Stad kulturskule», som vart politisk vedteke same år. I denne planen står det: «*Vi har som mål å tilby eit mangfold av gode og likeverdige kulturskuletilbod til alle barn og unge i Stad kommune.*»

I «Handlingsplan for Stad kulturskule» (2020) har vi konkretisert dette med tiltak kulturskulen skal arbeide med framover for å nærmere oss dette målet. Eit likeverdig tilbod inneber at alle får dei same moglegheitene. Eit tiltak for å nå ut til alle barn og unge er kulturskuleundervisning i skuletida. Dette

³² <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/?ch=1>

³³ <https://lovdata.no/lov/1998-07-17-61/§13-6>

er eit tiltak som er ganske unikt for Stad kommune, og som har røter tilbake til oppstarten av kulturskulen. Eit anna tiltak nedfelt i handlingsplanen er å redusere brukarbetalinga i kulturskulen.

4.3 Bibliotek

Stad bibliotek består av hovudbiblioteket på Nordfjordeid, Avdeling Selje og Stadlandet og Flatraket filialar. Hovudbiblioteket er kombinasjonsbibliotek med Eid vidaregåande skule, og ligg i Operahuset Nordfjord i 1. etasje. Dette biblioteket var nytt i 2009 og er samlokalisert med kultursal, kino og vidaregåande skule.

Avdeling Selje er lokalisert i 1. etasje i innbyggjartorget i kommunehuset i Selje. Dette biblioteket var nytt i 2020 og har felles skranke og samarbeid med frivilligsentral og turistinformasjon. Stadlandet filial er kombinasjonsbibliotek med grunnskulen og ligg midt i Stadlandet skule. Flatraket filial er kombinasjonsbibliotek med Flatraket skule og ligg i underetasjen på Flatraket eldretun.

Det er 3,5 stillingsheimlar knytt til biblioteka, 2,5 av desse er knytt til hovudbiblioteket medan 1 er knytt til Avdeling Selje. 1,5 stillingsheimlar utgjer fagutdanna bibliotekarar, medan 2 stillingsheimlar er anna personale.

Hovudbiblioteket er per 2022 ope dagleg og laurdagar, til saman 39 timer i veka. Måndag og onsdag er biblioteket ope 09.00-15.30. På tysdagar og torsdag til 09.00 -18.30, fredag 09.00–14.30. Laurdagar er biblioteket frå 11.00-14.00. Vi har også meirope bibliotek mellom kl. 09.00 og 23.00 kvar dag for personar over 16 år.

Avdeling Selje er per 2022 ope måndag, tysdag, onsdag og fredag 09.00-15.30, og torsdag til 18.30. Avdeling Selje har ikkje laurdagsope. Filialane er opne for elevane i skuletida, og for alle på ettermiddag/kveld. Stadlandet filial er ope onsdagar 14.00-17.00. Flatraket filial er ope torsdagar 17.00-19.00.

Tilbodet

Biblioteka er delt i barne- og ungdomsavdelingar og vaksenavdelingar. Vi tilbyr utlån av faglitteratur, skjønnlitteratur, tidsskrift, lydbøker og dvd tilpassa aldersgruppa. Vi har også ei rekke digitale tilbod som publikum kan laste ned sjølv, både aviser og tidsskrift, film, bøker og lydbøker. Dersom biblioteket ikkje har materiale det vert spurt etter, kan vi skaffe fjernlån frå anna bibliotek.

Biblioteka har også ulike spel for barn og unge. Vi har lesekrok med aviser og tidsskrift. På hovudbiblioteket har vi ei eiga lokalsamling med lokal litteratur frå Stad kommune og omkringliggende kommunar. Denne lokalsamlinga vert også nytta som grupperom. Biblioteket har også stille lesesal. Avdeling Selje har grupperom med AV-utstyr. Desse romma kan også nyttast som lesesal. Publikum har høve til å nytte PC-ar og til å skrive ut eller kopiere.

Hovudbiblioteket har spesialsamlingar berekna på elevar og lærarar ved Eid vidaregåande skule: gratis læremiddel, skulefilm, ordbøker, klassesett og eldre læremiddel.

Utlån og innlevering av gratis læremiddel er ei stor oppgåve ved hovudbiblioteket.

Biblioteket har eit fast samarbeid med grunnskulane i kommunen. Vi tilbyr klassebesøk eller utplassering av depot ved skulane. Avdeling Selje har eit godt samarbeid med barnehagane i ytre.

Med jamne mellomrom har biblioteket arrangement, anten i biblioteket eller i anna lokale. Det kan vere forfattarbesøk/forfattarsamtalar, føredrag om ulike tema, teaterframstykkingar, aktivitetsdagar, språkkafé, digitale arrangement og anna. Fleire lokale lag og foreiningar nyttar biblioteket til sine møte. Biblioteket vert også nytta som utstillingslokale for utstillingar laga av elevar eller andre.

Statistikk 2021 (2020)

Samla utlån (inkl. e-bøker og e-lydbøker): 29 200 (2020: 23 309)

Samla utlån på hovudbiblioteket: 19168 (2020: 16274)

Samla utlån på Avdeling Selje: 7487 (2020: 5435)

Av dette var utlån av litteratur for barn: 16619 (2020: 13309)

Bøker: 24801 (2020: 19746)

Lydbøker, film og andre medium: 1854 (2020: 1962)

E-bøker barn: 238 (2020: 76)

E-bøker vaksne: 1351 (2020: 1045)

E-lydbøker barn: 126 (2020: 196)

E-lydbøker vaksne: 830 (2020: 283)

Utlån av gratis lærermiddel ved hovudbiblioteket: 4126 (2020: 4165) (kjem i tillegg til totalt utlån)

Fjernlån frå andre bibliotek: 897 (2020: 710) (kjem i tillegg til totalt utlån)

Fjernlån til andre bibliotek: 774 (2020: 439) (kjem i tillegg til totalt utlån)

Besøk totalt: 33304 (2020: 27549)

Besøk ved hovudbiblioteket: 28136 (2020: 22611)

Besøk ved avdeling Selje: 5168 (2020: 4938)

Klassebesøk/barnehagebesøk: 104 (2020: 191)

Billetsal ved hovudbiblioteket: 319 (2020: 450)

Arrangement ved hovudbiblioteket: 8 arrangement med til saman 339 deltagarar + 14 møte av lokale organisasjonar med til saman 84 deltagarar

Arrangement ved avdeling Selje: 23 arrangement med til saman 372 deltagarar + 3 møte av lokale organisasjonar med til saman 78 deltagarar

Avdeling Selje har også hatt ei stor utstilling i 2021: Gruffalo. Denne utstillinga har tidlegare vore på hovudbiblioteket.

Planar og føringar

Bibliotek er ei lovpålagt oppgåve, og vi arbeider heile tida med fokus på samfunnsoppdraget i [Lov om folkebibliotek](#). Vi freistar vere ein god møtestad og ein aktuell arena for offentleg samtale og debatt.

Staten har ansvar for utvikling av ein framtidsretta biblioteksektor, der folkebibliotek, skulebibliotek og universitets- og høgskulebibliotek vert sett i samanheng. Regjeringa har difor lagt fram [Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 : Rom for demokrati og danning](#) som konkretiserer statens oppgåver og ansvar overfor biblioteka. Denne strategien skal bygge vidare på Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018

Dei nasjonale strategiane tek utgangspunkt i Stortingsmelding 8 (2018-2019) *Kulturens kraft – kulturpolitikk for framtida* (kulturmeldinga) som legg den overordna politiske retninga for kulturpolitikken framover.

«Bibliotekene er en del av den bærende infrastrukturen i samfunnet vårt, som skal bidra til å oppnå fleire av de kulturpolitiske målene som er slått fast i meldingen.»
(Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 : 7)

Føremålsparagrafen i Biblioteklova vart revidert i 2013 då biblioteka si rolle som uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt kom inn. Den førre bibliotekstrategien la vekt på denne nye rolla, og Stad bibliotek søkte og fekk arenautviklingsmidlar frå Nasjonalbiblioteket i fleire omganger for å kunne utvikle seg i tråd med dette..

I den nye bibliotekstrategien er det mellom anna aktiv formidling som vert spesielt framheva. Det er eit mål å styrkje biblioteka si formidling av mangfaldet i biblioteka sine samlingar og kvalitetssikra kjelder. På den måten ynskjer ein å få opp utlånet av biblioteket sine bøker og andre medium. Dette er også eit mål for Stad bibliotek framover, og biblioteket har fått støtte frå Nasjonalbiblioteket til eit prosjekt der vi vil prøve ut dette.

Det er også eit mål å gi meir open tilgang til samlingane ved å utvikle nye former for samarbeid mellom ulike bibliotektypar. Strategien nemner samarbeid mellom skule- og folkebibliotek. I forskrift til Opplæringslova går det fram at elevane skal ha eit skulebibliotek med mindre tilgangen er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. I Stad kommune har vi eit godt samarbeid med grunnskulane i kommunen, dei kjem på klassebesøk eller får plassert depot ved skulane. Det er eit mål for biblioteket å utvikle og styrke dette samarbeidet vidare.

4.4 Kulturarv

Kulturarv, kulturminne og kulturmiljø – nokre definisjonar

Det er laga to kulturarvplanar i Stad kommune: *Kommunedelplan for kulturarv i Eid 2017-2029* og *Kommunedelplan for kulturarv i Selje 2019-2029*.

I Riksantikvarens *Velieder for kommunale kulturminneplaner* (2013) nyttar ein omgrep kulturminne: «Kulturminner er spor etter menneskers liv og virke og kan være alt fra et historisk bygningsmiljø til et arkeologisk funnsted». Her er kulturminne definert som materielle spor etter fortida.

Eid og Selje har valt å bruke omgrepet kulturarv, som er omtalt slik: «Kulturarven er ikkje berre dei fysiske monumenta og stadane vi ser. Foreningsliv, matkultur, språk, stadnamn, ord og uttrykk og handverkstradisjonar er døme på slik kulturarv – på fagspråk kalla immateriell kulturarv».

Kulturarvplanane tek altså sikte på å omhandle både materiell og immateriell kulturarv.

Spora etter menneskes liv kan vere fleire tusen år gamle, eller frå vår relativt nære fortid. Det er kommunane sjølv som definerer kva for kulturminne dei vurderer som viktige i sitt nærmiljø. I kulturarvplanane for Eid og Selje har ein tatt med alt frå dei eldste kjende kulturminna rundt 9 000 år tilbake, og fram til 1900-talet.

I 2019 la regjeringa fram ein ny kulturmiljøpolitikk: *Meld. St. 16 (2019-2020): Nye mål i kulturmiljøpolitikken. Engasjement, bærekraft og mangfold*. Her har ein følgjande definisjonar:

Kulturarv: Samleomgrep for materiell og immateriell kulturarv. Immateriell kulturarv omfattar praksis, framstillingar, uttrykk, kunnskap og ferdigheiter. Omgrepet blir særleg brukt i internasjonal samanheng.

Kulturminne: Spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til.

Kulturmiljø: Område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng. Med denne meldinga innfører regjeringa omgrepet «kulturmiljø» som samleomgrep som dekker både kulturminne, kulturmiljø og landskap, og blir brukt om feltet som heilheit.

Andre viktige omgrep å kjenne til i kulturminneforvaltninga er:

Landskap: Eit område, slik folk oppfattar det, som har eit sær preg som resultat av påverknad frå og samspel mellom naturlege og/eller menneskelege faktorar.

Verdsarv: Kulturarv og/eller naturarv som er innskrive på Unescos verdsarvliste. Verdsarvområda er ein felles arb som er umistleg for heile menneskeheita, på tvers av landegrenser.

Verneverdig: Kulturminne/kulturmiljø som har gjennomgått ei kulturhistorisk vurdering og er identifisert som verneverdig. Dei fleste verneverdige kulturminne/kulturmiljø har ikkje eit formelt vern etter kulturminnelova, plan- og bygningslova eller en bindande avtale. Dei kulturminna kommunen definerer som viktige i sin kommune kan sikrast gjennom omsynssoner i kommuneplan og reguleringsplanar.

Fredning: Den strengaste formen for vern, heimla i kulturminnelova og svalbardmiljølova. Både kulturminne og kulturmiljø kan fredast.

Automatisk freding: Fredning etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova utan særskilt vedtak.

Dette gjeld:

- kulturminner frå før 1537
- samiske kulturminne frå år 1917 eller eldre
- faste og lause kulturminne på Svalbard frå før 1946

I tillegg kan ståande byggverk med opphav frå perioden 1537 – 1649 erklærast som automatisk freda.

Staten har eigedomsrett til lause kulturminne som er eldre enn 1537, samiske kulturminne frå år 1917 eller eldre, myntar eldre enn 1650 og skipsfunn eldre enn 100 år.

Vedtaksfreding: Freding etter kulturminnelova eller svalbardmiljølova gjennom særskilt vedtak. Vedtaksfredingar etter kulturminnelova kan omfatte alle typar kulturminne yngre enn 1537, ståande byggverk yngre enn 1649, kulturmiljø og fartøy. Vedtaksfredingar etter svalbardmiljølova kan omfatte kulturminne yngre enn 1945.

Forskriftsfreding: Freding etter kulturminnelova gjennom vedtak av forskrift. Det gjeld bygningar og anlegg som omfattast av ein statleg verneplan og som var i statleg eige på fredingstidspunktet. Dette inneber ei forenkla fredingsprosedyre. Forskriftsfreding blir også brukt ved freding av kulturmiljø, jf. kulturminnelova § 20.

Mellombels freding: Blir brukt dersom et kulturminne eller et kulturmiljø er truga og der det er behov for å vurdere verneverdiens med tanke på permanent freding.

Dei siste årene har kulturmiljøforvaltninga blitt kopla sterkare til den øvrige klima- og miljøforvaltninga. Den europeiske landskapskonvensjonen vektlegger forholdet mellom natur og kultur. I Norge har vi mellom anna hatt ei satsing på UKL, utvalde kulturlandskap i jordbruksområdet som skal

ivareta kulturmiljø, naturmangfald og landbruk i 46 særskild verdifulle kulturlandskap av nasjonal interesse. Stadlandet er eitt av desse.

Regjeringa har sett opp tre nye nasjonale mål i kulturmiljøpolitikken:

- Alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og ta ansvar for kulturmiljø.
- Kulturmiljø skal bidra til berekraftig utvikling gjennom heilskapleg samfunnsplanlegging.
- Eit mangfold av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleveling og bruk.

Kulturarvplanane for Eid og Selje

Dei to kulturarvplanane for tidlegare Eid og Selje kommunar inneheld eit omfattande kunnskapsgrunnlag og ei prioritering av dei viktigaste kulturminna, med strategiar og tiltak i forhold til vern, formidling og utvikling. Hovudmåla i planane er å synleggjere kulturminna ein har i kommunen, som grunnlag for kunnskap, identitet, stadutvikling og næring. Kulturarven er ein ikkje fornybar ressurs, som vi har ansvar for å ta vare på for framtidige generasjonar.

Riksantikvaren starta eit nasjonalt arbeid med kommunale kulturminneplanar i 2013, og dei nasjonale forventingar til kommunane var at dei skulle identifisere dei viktigaste kulturminna, ta omsyn til desse i planlegginga og nytte dei som ein ressurs i samfunnsutviklinga. Ein skulle dessutan redusere tap av verneverdig kulturminne og styrke kompetansen om kulturminne i kommunane. Sentralt lovverk i kulturminneforvaltninga er Kulturminnelova, Plan- og bygningslova og Naturmangfaldslova.

Kulturminneplan for Eid inneheld følgjande tema:

- a. Oversikt over kulturarven
 - i. Kulturarv frå eldre tid (9000 f.Kr. – 1537)
 - ii. Kulturarv frå nyare tid (1537-)
 1. Kulturminne knytt til gardane
 2. Kulturminne knytt til tru
 3. Kulturminne knytt til ferdsel
 4. Kulturminne knytt til næringsliv og offentleg tenesteyting
 5. Andre kulturminne (kultur- og idrettslivet knytt til militæraktivitet, musikklag, losjemiljø, forsamlingslokale vardesystem, krigsminne)
- b. Kulturarv bygd for bygd
 - i. Kjødsdalen
 - ii. Stårheim
 - iii. Haugen
 - iv. Nordfjordeid
 - v. Lote/Hennebygda
 - vi. Hjelle/Heggjabygda/Navelsaker
 - vii. Sundstranda med Holmøyane/Skrede/Rognes
- c. Ressursar:
 - i. Verktøy for å identifisere kulturminneverdiar
 - ii. Kunnskapsbasar (eidinviterer, NB-registeret, kulturminnesøk, digitalt museum, bokhylla, fylkesarkivet, alkulne, universitetsmuseeti Bergen, Eid bibliotek, lokale bygdelag)
- d. Formidling av kulturarven i Eid
- e. Organisering av kulturminneforvaltninga i kommunen
- f. Økonomiske tilskotsordningar
- g. Oversikt over den utvalde kulturarven i Eid kommune med kartfesting

- h. Mål for kulturarvsatsinga i Eid kommune med handlingsdel, prioriteringar på kort og lang sikt, samt ressursbehov.

Kommunedelplan for kulturarv i Selje har same temainndeling som Eid, med følgjande tillegg:

- Kulturarv frå nyare tid: Kulturminne knytt til fiske, kulturminne knytt til krigar, andre kulturminne (naturvern og friluftsliv, krykkja, kultur- og idrettslivet, lag og organisasjonar, biletkunstnarar/forfattarar
- Kulturarv bygd for bygd:
 - Hoddevik, Drage og Fure
 - Honningsvåg, Årvik, Ervik og Morkadalen
 - Eltvik, Borgundvåg, Beitveit, Leikanger, Sanviknesen
 - Sandvik-Kjøde
 - Selje, Selja, Salt, Moldefjorden, Rundereim
 - Barmen, Flister, Venøy, Vetrhus, Kvernevik, Nordpoll og Flatraket

Kunnskapsgrunnlaget frå kulturarvplanane for Eid og Selje blir vidareført i denne planen slik det ligg føre i desse planane: <https://stad.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-fritid/kulturarv/plan-for-kulturarv/>

Kunnskapsgrunnlaget er i tillegg utvida med følgjande tema: Formidlingsarenaer for kulturarv i Stad og kulturarvaktørar i Stad.

Formidlingsarenaer for kulturarv i Stad

Nedanfor er ei oppteikning av nokre av dei viktigaste formidlingsarenaene for kulturarv i Stad i dag. Måla og strategiane i denne planen tek sikte på å samarbeide tett med, og bygge opp under desse aktørane.

- Kulturarv-arrangement:
 - Dragseidspelet
 - Elskhug og Eksis
 - Seljumannamesse
 - Sunnivafestival
 - Keltisk pilegrimskonferanse
 - Vikingfestival
 - Hingstutstillinga
 - Kulturminnedagane
 - Pilegrimsvandringar og pilegrimssegglas seglas Sunnivaleia/kystpilegrimsleia
- Kulturløyper, informasjonsskilt og fysisk tilrettelegging
 - Sagaløypa
 - Opptur Stad (bok + turstiar)
 - Kystpilegrimsleia og Sunnivaleia
 - Vårsetra
 - Ferdelsvegar
 - Dragseidet
 - Ervika
 - UKL-skilt (planlagt)
- Databasar og digital formidling
 - Aispot Selja kloster
 - www.seljakloster.com
 - www.seljepresetegard.no

- www.hjartestad.no
 - www.pilegrimsleden.no
 - www.grind.no
 - Digital bygdebok for Selje
 - www.selje.info
 - www.fylkesatlas.no
 - Årdalens venner
 - www.digitalmuseum.no
 - www.sagastad.no
 - Oppdaterte wikipediasider om Stad
- Lokalhistoriske bøker og tidsskrift
 - Bygdebok for Eid
 - Årbok for Nordfjord
 - Sogeskrift for Eid
 - Jul i Nordfjord
 - Bøker frå Selja forlag (sjå under næring)
- Kulturhistoriske visningsstader
 - Sagastad
 - Norsk Fjordhestsenter
 - Selje prestegard
 - Sunnivautstillinga
 - Selja kloster
 - Eksersisplassen/Malakoff
 - Dragseidkrossen
 - Privat gardsmuseum Berstad
 - Privat museum Hoddevik
 - Kyrkja og kyrkjegarden i Ervik
 - Selje, Leikanger og Nordfjordeid kyrkje
 - Hovden: Krigsminne i Ervika
 - Holmøyane arbeidsskule
 - Flatraket ?
 - Den gamle skulestova på Fure
 - Lensmannsgarden på Skårhaug
 - Leikvin skrivargard
 - Gamlebanken
- Formidlingsarenaer/ressursar utanfor kommunen
 - Nordfjord folkemuseum
 - Kystmuseet i Florø
 - Fylkesarkivet
 - Universitetsmuseet i Bergen
 - Lyngheisenteret på Lygra
 - Måløyraidsenteret
 - Ivar Aasentunet (Reidar Djupedal si samling)

Kulturarv-aktørar i Stad

Nokre av dei viktigaste aktørane og samarbeidspartane knytt til kulturarv i Stad er:

- Frivillige lag som formidlar kulturarv
 - Eid Sogelag
 - Sogelaget for gamle Selje
 - Kystlaget Hornelen

- Kulturhistorisk informasjonsprosjekt
 - Venner av Selja kloster
 - Plassens venner
 - Pilegrimsfellesskapet Sta. Sunniva
 - Ungdomslag: Haugen ungdomslag, Hjelle ungdomslag, Kjødsdalen ungdomslag, Maurstad ungdomslag, Stadlandet ungdomslag
 - Kjerringa husflidlag
 - Bygdekvinneklubb: Kjødsdalen bygdekvinneklubb, Heggjabygda bygdekvinneklubb, Henden Bygdekvinneklubb, Lote bygdkvinneklubb, Stårheim bygdekvinneklubb
 - Spelemannslag: Eid Spelemannslag, Sentrum spelemannslag, Vindfylla spelemannslag
- Andre lag som kan vere aktuelle samarbeidspartar:
 - Bygdelag
 - Kor og korps
 - Idrettslag
 - Lag knytt til landbruk/dyr (bondelag, kystgeitlag, fjordhestlag, hagelag)
- Private aktørar:
 - Grunneigarar, eigarar av gamle bygningar/kulturlandskap, eigarar av private samlingar
- Offentlege aktørar:
 - Stad kommune:
 - Kultur (Kulturarv, Ruinprosjektet, Pilegrimssentret, frivilligsentralane, DKS, bibliotek, kulturskule), strategi og samordning (stadutvikling, bulyst, reiseliv, friluftsliv m.m.)
 - Skule og barnehage: DKS m.m.
 - Kyrkje: Pilegrim m.m.
 - Plan og forvaltning: kommuneplan, reguleringsplanar, dispensasnonssøknader saker etter plan- og bygnignslova m.m.
 - Brann og redning: Brannvern Eidsgata m.m.
 - Landbruk: SMIL, UKL, kulturlandskap
 - Norsk fjordhestsenter
 - Vestland fylkeskommune
 - Nordfjord Folkemuseum
 - Vestland fylkesarkiv
 - Eid vidaregåande skule
- Statlege aktørar
 - Riksantikvaren
 - Kulturminnefodet
 - Statsforvaltaren i Vestland
- Kulturnæring:
 - Sagastad
 - Norsk Fjordhestsenter
 - Selja forlag
 - Nordfjordull
 - Bergart
 - Overnattingsstader, lokalmatprodusentar og andre reiselivsaktørar knytt til kystpilegrimsleia
 - One NODE
 - Leikvin skrivargard
 - Gamlebanken
 - Storm på Stad?

- Stad kystbygg?
- Stad hotell + andre hotell/overnattingsstader i Stad

Norsk kulturindeks om kulturarv i Stad

Stad kommune scorar best på frivilligkeit og kino, og er blant dei 150 beste kommunane innan kunstnarar, kulturarbeidsplassar og scenekunst. Til frivilligkeit høyrer mellom anna historielag og husflidlag, som ivaretak både materiell og immateriell kulturarv. I Stad kommune har vi eit sogelag på Eid, og eit nystarta sogelag for Gamle Selje. Kjerringa husfildslag held til på Stad. I tillegg er det fleire bygdekvinnelag som også ivaretak mykje av den immaterielle kulturarven på bygdene, men som ikkje tel i statistikken. Idrettslag er ikkje med i kulturindeksen. Kor og korps er derimot med, og held i hevd både den musikalske og den organisasjonsmessige kulturarven. Stad kommune utmerkar seg særleg med høg andel deltaking i korps, og har ein nær 400 år lang korpstradisjon som skriv seg tilbake til den militære eksersisplassen på Eid.

Aktuelle tema i kulturindeksen som kan vere aktuelle å sjå på i forhold til kulturarv er museum. I kulturindeksen er ikkje Stad kommune registrert med noko museum, då vi ikkje har museum etter ICOMS definisjon som omfattar innsamling, bevaring, forsking og formidling, og som mottek statlege tilskot eller inngår i museumskonsolideringar. Det betyr imidlertid ikkje at det ikkje finst formidlingsarenaer og visningsstader for kulturarv i Stad. Blant dei største er Sagastad på Nordfjordeid, med replika, utstilling og digital formidling knytt til Mykleustskipet. Rundt 30 000 turistar gjestar Sagastad årleg, utan at desse er synlege i statistikken på kulturindeks. Ein annan stor aktør er Norsk Fjordhestsenter på Nordfjordeid, som ivaretak den levande kulturarven knytt til bevaring, avl og bruk av den gamle vestnorske fjordhesten, med røter tilbake til vikingtida. Vi har også private visningsstader for kulturarv, bl.a. på Berstad og ved Hoddevik.

Norsk kulturindeks viser også aktivitet innanfor den kulturelle skulesekken. Her har Stad kommune gode resultat, særleg knytt til lokalt utvikla program for barne- og ungdomsskulane. Blant dette er faste formidlingsopplegg knytt til Selja kloster, Norsk Fjordhestsenter og Sagastad.

Norsk kulturindeks viser også oversikt tildelingar frå kulturminnefondet til private aktørar. Det har vore nokre tildelingar i Stad kommune, men her er det potensiale for å auke andelen gjennom informasjon og rettleiing i søkerprosessen.

4.5 Frivilligsentralane

Stad kommune har to frivilligsentralar, Selje frivilligsentral som vart oppretta i 2019 og Eid frivilligsentral som har eksistert i 25 år. Nasjonale undersøkingar frå 2013 syner at frivillig innsats utgjorde nærmare 140 000 årsverk på landsbasis. Verdsett til same verdi som dei lønna årsverka, tilsvarer dette ein verdi på nesten 77 milliardar kroner. I Stad kommune kan frivillig innsats grovt sett delast i tre kategoriar; tradisjonelle lag og organisasjoner, festivalar og anna frivillig arbeid. Den enorme frivillige innsatsen er viktig for kommunen og lokalsamfunnet.

Lag og organisasjoner i Stad er gode på tilrettelegging og gjennomføring av større arrangement. Deltaking i lag og organisasjonsliv, med aktivt organisasjonsarbeid og organisering av aktivitetar i samarbeid med andre, bidreg til kompetanse og dugnadsånd som er viktig for samfunnet. Det vert arrangert eit breitt spekter av aktivitetar retta både mot medlemmer og andre.

Gjennom frivilligsentralane kan ein finne eit vidt spekter av aktivitetar retta mot ulike grupper i samfunnet. Det vert lagt mykje tid og innsats overfor ulike grupper og enkeltmenneske i samfunnet gjennom frivillig innsats. Det ligg ein eigen verdi i innsatsen ein rettar mot andre. Frivilligsentralane

samlar trådane slik at dei som vil bidra kan få assistanse til å finne ut kor ein kan gjere ein innsats. Det er ei positiv utvikling både på timer som vert brukte og personar som stiller opp. Særskilde tiltak inn i mot yngre målgrupper er gratistilbod som er opne, gratis og tilgjengelege for alle. Dette er til dømes BUA utlånssentral, som finnast både på Eid og i Selje, G-space som tilbyr gaming for ungdomar mellom 12-20, UKM worksshops blir arrangerte gjennom heile året, og om sommaren gratistilbodet Sommarskule i Stad. Sentralane administrerer også LTU – lokale transportmidlar til ungdom, arrangerer Open hall, Kulturnatt og andre aktivitetar.

Frivilligpolitisk plattform

KS og Frivillighet Norge tilrår at alle kommunar vedtek ein heilsakleg frivilligpolitikk. Målet med ein heilsakleg frivilligpolitikk er å synleggjere frivillig sektor, få til god samhandling mellom kommune og frivillig sektor, og tilrettelegge for føreseielege vilkår for frivillige. Ein kommunal frivilligpolitikk skal femne om heile mangfaldet av frivillig arbeid i ein kommune.

Eid kommune utarbeidde i 2017/2018 Frivilligpolitisk plattform i samarbeid med Frivillighet Norge. Denne vart vedteken 15. mars 2018. I planstrategien til Stad kommune vart det vedteke at Frivilligpolitisk plattform skulle vedtakast også i Stad kommune. Hausten 2019 vart det saman med Frivillighet Norge halde kafodialog med lag og organisasjonar i nye Stad kommune. Innspela frå dette møtet er oppsummert av Frivillighet Norge. Framlegg til Frivilligpolitisk plattform for Stad tek utgangspunkt i desse innspela, erfaringar gjort under pandemien og tilbakemeldingar på utkast til frivilligpolitisk plattform frå eit utval frivillige organisasjonar i Stad kommune.

Frivilligpolitisk plattform for Stad kommune vart vedteken av Stad kommunestyre 16. desember 2021 og kan lesast i sin heilsak [Stad kommune sine heimesider](#).³⁴

Historikk

Etablering av frivilligsentralar er eit resultat av ein idedugnad i 1990. I 1991 sette Syse-regjeringa i gang eit prøveprosjekt med statstilskot til 91 lokale Frivilligsentralar. Ordninga vart evaluert og vedteke vidareført i [St.meld. nr. 16 \(1993-1994\) - Lat ikkje graset gro att mellom grannar](#).³⁵ No har nesten alle kommunar ein eller fleire frivilligsentralar – totalt 477 sentralar.

Stad kommune har 2 frivilligsentralar:

- Eid Frivilligsentral – lokalisert i Eidsgata 9. Etablert i 1996 av Eid kommune, seinare eigd/drifta av Stiftinga Frivilligsentralen i Eid (med kommunalt tilskot), og frå 2019 eigd/drifta av Eid/Stad kommune og med ein 100% stillingsheimel som dagleg leiar.
- Selje Frivilligsentral – lokalisert i 1. etg. i Kommunehuset i Selje. Fekk statstilskot første gong i 2018. Vart etablert i 2019. Den har vore eigd av Selje/Stad kommune heile tida, og har ein 100% stillingsheimel som dagleg leiar.

Frivilligsentralane mottek årleg driftstilskot frå staten. Det er Stad kommune som søker om tilskot, og vilkåra for å få tilskot er regulert i [Forskrift om tilskudd til Frivilligsentraler](#).³⁶ Ordninga er administrert av Lotteri- og stiftelsestilsynet.

³⁴ <https://innsyn.onacos.no/stad/wfdocument.ashx?journalpostid=2021034893&dokid=1463029&versjon=1&variant=A&>

³⁵ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-16-1993-1994/id524895/>

³⁶ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-06-30-1272?q=frivilligsentral>

Både Eid og Selje Frivilligsentral er medlemmar av den regionale overbygginga [Vestland Frivilligsentraler](#) og den nasjonale overbygginga [Norges Frivilligsentraler-NFS](#). Sentralane er også aktivt deltagande i Nettverk Nordfjord, der også Gloppen FVS, Stryn FVS, Bremanger FVS og Vågsøy FVS er med.

Samfunnsoppdraget

Samfunnsoppdraget til frivilligsentralane finn vi i tilskotsordninga sin formålsparagraf.

"Frivilligsentralene skal stimulere til frivillig innsats, være åpne møteplasser for befolkningen og være et bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor."

Norges Frivilligsentraler sin visjon er: Saman skal vi skape gode og inkluderande lokalsamfunn - møte mellom mennesker.



NFS bruker følgande definisjon og tilhøyrande arbeidsmodell:

Frivilligsentralar er **mangfoldige møteplassar** bygd på **frivilligheita sine premissar og lokale ønskjer**, ivareteke av **tilsette i samhandling med frivillige, lag & foreningar, næring og kommune**.

Dette er samskaping i praksis.

Eid og Selje Frivilligsentralar arbeider etter hovudmålet i Frivilligpolitisk plattform – Det skal vere enkelt å vere frivillig i Stad. Sentralane skal legge til rette for meldt mulig frivillig arbeid og jobbar både på:

- **Strategisk nivå:** I høve til innspel til planer, deltaking i utviklingsprosjekt, utarbeiding av frivilligpolitikk og rutiner for samhandling mellom frivillige og kommune m.fl.
- **Taktisk nivå:** I høve til å planlegge aktivitetar, skaffe midlar, frivillige og anna som trengs for å produsere ein aktivitet, eit tiltak eller ein møteplass.
- **Produksjonsnivå:** Gjennomføre konkrete aktivitetar, tiltak og møteplassar eller tilrettelegge for at slike vert gjennomført i regi av andre.
- **Individnivå:** Frivilligsentralane arbeider mest med gi einskildpersonar trua på at dei kan delta i frivillig arbeid, skape nye typar frivillig arbeid eller halde fram i frivillig arbeid gjennom å rettleie og motivere.

4.6 Operahuset Nordfjord

Kulturhuset Operahuset Nordfjord er både Stad og Nordfjord si storstove, der ein har både opera- og kultursal, kino og bibliotek. Operahuset har elles eit allsidig bruksområde og blir også nytta m.a til aktivitetar som konferansar, undervisning, messer og selskap. Det har vore ei målsetjing at alle elevar skal få stå på operahusscena før dei går ut av grunnskulen, dette har vi mellom anna oppnådd gjennom at skulane har helde sine skuleavslutningar her. Operahuset Nordfjord har eit vidt spekter av aktivitetar som femner om både barn, ungdom, vaksne og eldre. Skuleklasser er jamnleg invitert inn til å oppleve forestillingar med både lokale og nasjonale aktørar.

Operahuset Nordfjord skal vere møtestad for flest mogleg og fungere som huset for alle. Operahuset Nordfjord skal bidra til auka kunstnarleg aktivitet – utvikle kulturlivet i kommunen og regionen.

Operahuset er til for alle! Allsidig bruksområde: Konsertlokale, kurs, møte, konferanse, undervisning, show, events, teater, opera, musical, messer, dans, selskap, kino, revy osv.

Samlokalisering

Operahuset er samlokalisert med Eid vidaregåande skule, og Vestland fylkeskommune er ein viktig samarbeidspart. Stad kommune si grunnskuleopplæring for minoritetsspråkleg ungdom er lokalisert i same bygg, og kommunen og fylkeskommunen samarbeider om dette opplæringstilbodet. Sambruk mellom skule og kultur var ei ufråvikeleg målsetjing gjennom heile planleggingsfasen, og er ein heilt vesentleg og naturleg del av kvarldagen. På dagtid sydar huset av liv frå nesten 400 elevar og 90 tilsette, om kvelden er dei same lokala fylte opp av kultur. Kinosalen blir brukt til skuleauditorium på dagtid, og i operasalen kan alle elevar og tilsette ha fellessamlingar. Biblioteket er både folkebibliotek og skulebibliotek. Samarbeidet mellom skule og kultur gjev store effektar både økonomisk, sosialt og kulturelt. Eid vidaregåande skule og Opera Nordfjord samarbeider også tett, om til dømes kulissebygging, rekvisittar, lys og sceneteknikk. Aktørane samarbeidde også om årleg skulemusikal som heldt høgt kunstnarisk nivå.

Arrangement

[Sjå side 56-57 i tiårsjubileumsmagasinet for liste over arrangement 2009-19](#)

Faste, årvisse arrangement - døme:

- *Opera, hovudproduksjon [Opera Nordfjord](#)* i september/oktober. To veker framsyningar, to-tre veker rigg, prøver og nedrigg. Carmen 2009, "Norge-Brasil, ein opera" 2010, Tryllefløyten 2011, Madama Butterfly 2012, Flaggermusen (og Nøtteknekken) 2013, Søner av sola 2014, Maskeballet 2015, Hoffmanns eventyr 2016, Sildagapet 2017, La Boheme 2018, Hans og Grete 2019, Mannen frå La Mancha 2020, Jorda rundt på 80 dagar 2021, La Traviata 2022
- *Familieproduksjonar [Opera Nordfjord](#)*: Nøtteknekken okt 2013 (parallelt med Flaggermusen), The Sound of Music okt/nov 2015, "Du er god, du, Charlie Brown" nov 2016, Annie nov 2018, Fargespel Nordfjord april 2019, Reisa til julestjerna nov 2020
- *Konsertar [Opera Nordfjord](#)*: Tyrfing 2009, Requiem av Verdi 2010, Strauss- og Wagneraften 2012, Messias 2013, Beethovens 9. symfoni 2015, Puccini operafavorittar Messa di Gloria 2017, Score 2018, Fargespel Nordfjord 2019, Sagas 2021 (flytta tre gonger pga korona), Den store julekonserten 2019 og 2021, operagalla 2022,
- *Russerevy* januar/februar. Kvart år sidan 2009 bortsett frå 2013 og 2021 (korona)
- *Skulemusikalar Eid vgs*: Grease 2009, Rent 2010, West Side Story 2011, Les Miserables 2012, Hairspray 2013, Legally Blonde 2014, Spelemann på taket 2015, Sweeney Todd 2016, Back to the 80's 2017, Skjønnheten og udyret 2018, Oklahoma! 2019, Little Women 2020.
- *First Lego League* andre laurdagen i november. Arrangør Eid vgs dei siste åra.
- *Eid vidaregåande skule* brukar operasalen til fleire andre faste arrangement som:
 - Skulestart første skuledag, alle elevar og tilsette
 - Foreldremøte
 - Juleavslutning, alle elevar og tilsette
 - FN-rollespel internasjonal dag
 - Hospitering 9. trinn om våren, 10. trinn om hausten: Opning i operasalen
 - Møte for og med russen
 - Skuleavslutning siste skuledag før sommarferien, alle elevar og tilsette
 - Skulevaldebatt i valår
 - Møte og samlingar av ulikt slag
- *Skuleavslutning 10. trinn Eid ungdomsskule*: Stor, omfattande framsyning og vitnemålutdeling i operasalen (pluss generalprøve for 8. og 9. trinn), middag i foajeen, diskotek i Gymmen. To dagar i operahuset.
- *Juleprogram 9. trinn Eid ungdomsskule*. To dagar i operahuset.
- *Stad kulturskule / Kulturskulen i Eid*

- Sommarshow med kunstutstilling
 - Danseshow
- **UKM – Ungdommens kulturmønstring / Ung Kultur Møtast:**
 - Kommunemønstring Eid / Stad årleg, bortsett frå 2021 pga korona
 - UKM Eid, Selje og Gloppen i 2019
 - UKM Vestland 2021: Filming Nordfjord-innslag
 - Fylkesmønstring UKM Sogn og Fjordane 2010, 2011, 2012
- **Vårkonsert korpsa i Eid / Stad.** Kvart år sidan 2009 bortsett frå 2021 pga korona.
- **DanseframSYNINGAR.** Først i privat regi (Eid danseverkstad / Nordfjord Performing Arts Academy), så i regi av Stad kulturskule
- **Vestlandsk sommarsymfoni, NASOL:** Konsert laurdag i veke 31, med øvingar i forkant. Kvart år sidan 2009, bortsett frå koronaåra 2020 og 2021. Sommarsymfonien har blitt arrangert sidan 1979, på Fjordane folkehøgskule.
- Påsketreff 2009-2018. I 2022 blir det Nordfjordtreff.
- **Riksteatret** kjem to-seks gonger i året med kvalitetsframSYNINGAR innan fleire sjangrar, også dans og for barn. 59 framSYNINGAR med 13414 publikummarar 2009-21. [Sjå komplett liste her.](#)
- **Teater Vestland (tidlegare Sogn og Fjordane teater)** spelar også fast i operahuset ein-tre gonger; 20 framSYNINGAR i 2009-2021.

År om anna - døme:

- **Musikal Eid ungdomsskule og Kulturskulen i Eid / Stad kulturskule:** "Livet er eit spørsmålsteikn" 2011, "Audition - ein musikal" 2013, "2025" 2017. Musikalen "Skjult" vart avlyst i 2020 pga korona.
- Stad kulturskule / Kulturskulen i Eid:
 - Elevkonsertar, til dømes "Rundt flygelet"
 - Haustshow, gjerne i samband med Kulturnatt
- **Barnefestivalen KFUK-KFUM** 2010, 2019 og 2021
- **Songarstemne** 2009, 2015, 2018
- **Fylkeskappleik** 2009, **Skjoratippen** 2011, **Landsfestival i gammaldansmusikk** 2010, **Vestlandskappleik** 2019
- **Regionale korpskonkurransar NMF Nordvest** 2010, 2014, 2016, 2019, 2022
- **Korpsstemne** 2011, 2012, 2014, 2016. Koronaavlyst 2020.
- **Sommartreff Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane** 2011, 2014, 2018. Koronaavlyst 2020.
- **Fylkesmesse ungdomsbedrifter mm** 2010, 2013, 2016, 2019
- **Nyttårskonsert Sunnivakoret** 2011, 2013 og 2021
- **Juletrefest Nordfjordeid skulekorps** 2013 og 2014
- **Basar Eid barne- og ungdomskor** 2018 og 2019. Avlyst pga korona i 2020 og 2021.
- **Brassfest / vårbålås** 2012, 2015 og 2022
- **Lovsong i Nordfjord** 2011, 2012 og 2013

Andre arrangement - døme

- **Konsertar, framSYNINGAR, standup mm** på turne i regi av t.d. Stageway, Nordic Live /FKP Scorpio, All Things Live, Fjordane musikkforum, Nordic Moments, Backstage Management, Thalia Teater, HiHat Management, Feelgood & iStage, Latter, 929 Produksjon, United Stage, Skyskraper Artist.
- **Private arrangement**, som oftast i foajeen:
 - Bryllaup
 - Konfirmasjonsfeiringar
 - Bursdagar

- Jubileum
- Slektstreff
- *Foredrag* med billettsal, til dømes Hans Wilhelm Steinfeld, Ingvard Wilhelmsen,
- Jakt-, fiske- og friluftsmesse 2014
- 100-årsjubileum Brunstad kristelige Menighet 2014

Økonomi

Vi har alle former for avtaler og gjennomføring, til dømes utleige, innleige, splitavtaler – og alt midt i mellom. Uansett avtaleform, legg vi stor vekt på yte tenester og service av høy kvalitet. Alle er like viktige, og vi skal legge godt til rette for alle.

- Utleige = operahuset leiger ut lokale/tenester til legetakar
 - 417 legetakarar er registrerte i DX, operahuset sitt bookingsystem. Alt frå Opera Nordfjord, Riksteatret og Stageway, via lag og organisasjonar til privatpersonar.
 - Stad kommunestyre vedtek leigesatsane, i budsjettmøtet før jul, "Gebyr- og betalingssatsar" <https://stad.kommune.no/sjolvbetening/gebyr-og-betalingssatsar>. Frivillige lag og organisasjonar har rimelegast leigepris, med lav fastpris, og 10 % av billettinntektene - altså lavast risiko. For private, kurs og konferansar mm er prisen om lag det doble.
 - Opera Nordfjord er den største legetakaren, både i antal dagar, inntekter, teknikk og billettsal.
 - Oppgjer for kvart arrangement, med husleige, teknikar(ar) osv – og eventuelt billettsal.
- Innleige = operahuset er arrangør og kjøper eit arrangement/produksjon/tenester.
- Splitavtaler = deling av billettinntekter eller overskot. Sum / breakeven osv blir avtalt i kvart enkelt tilfelle. Splitavtaler blir stort sett berre brukt med kommersielle aktørar.

Lag og organisasjonar er viktige samarbeidspartnarar for operahuset. Frivillige og amatørar får sjølvsgåt dei same tenestene som profesjonelle når dei brukar operahuset: Lyd, lys, vertskap, marknadsføring og tilrettelegging elles.

Vi har prøvd å hente ut samla historiske tal på utgifter og inntekter for lag og organisasjonar på arrangement i operahuset. Ei vanskeleg oppgåve, men estimerte tal for 94 arrangement i regi av lag og organisasjonar 2009-2021:

- Minst 4,2 millionar kroner i billettinntekter
- Minst 3 millionar kroner (lavt estimat) i arrangementsinntekter i tillegg til billettsal, til dømes kafe, bar, lotteri, deltakaravgifter mm.
- Døme:
 - Årlege vårkonsertar for og med korpsa i kommunen går med minst 30.000 kroner i netto overskot (inkludert kafe og lotteri)
 - Ørsta og Volda ballettskule fekk utbetalt 235.000 kroner etter to utselde framsyningars av Nøtteknekken i januar 2020
 - Same månad fekk Sunnivakoret utbetalt 135.000 kroner etter nyttårskonserten sin
 - Helgesenkoret fekk utbetalt 210.000 kr for julekonserten i 2018.
 - Russerevyen får utbetalt mellom 25000 og 75000 kroner, avhengig av publikumstal. Kafe, sponsorarar osv kjem i i tillegg.

Lokala

Operasalen er spesialtilpassa akustisk musikk, altså musikk som ikkje brukar mikrofonar, som til dømes kammermusikk, klassisk og opera. Å køyre på med tungrock er heller ikkje noko problem; det er enklare å dempe god akustikk i ein sal enn å skape god akustikk i ein mindre eigna sal. Klangen i rommet er regulerbar ved hjelp av akustiske teppe og plater som kan hevast og senkast. Dette er ein sal som høver til all scenekunst. For å optimalisere akustikken nyttar ein spesialkonsulent i akustikk, den same som vart brukt ved Den Norske Opera & Ballett i Oslo.

Operasalen:

- Amfi med galleri, scene, orkestergrav, 5 garderobar, toalett og dusjar
- Sal utan orkestergrav: 530 sete, inkl 6 handikapplassar (tre rullestolar). 218 av seta er på galleriet.
- Sal med orkestergrav 484 sete, inkl 6 handikapplassar (tre rullestolar). 218 av seta er på galleriet.
- Scene 14 x 10 m. Høgde 12 m.
- Orkestergrav, hev- og senkbar.
- Svært god akustikk, ein draum for akustisk musikk! Avansert støydemping gjer at også annan type musikk også høver godt i salen.
- Teleslynge på rad 6-9, fungerer best frå fjerde sete og innover
- [Teknisk utstyr operasalen³⁷](#)
- [Scenerigg og trekk operasalen³⁸](#)

Kinosalen:

- Amfi med 105 sete, inkl 6 handikapplassar (tre rullestolar), teleslynge
- Kinosalen er svært godt eigna til undervisning, møte og konferansar i tillegg til kino
- Stort lerret, mikrofonar og AV-rack med PC-tilkopling, dokumentkamera, smartboard og DVD.

Foajé, kjøken:

- Foajé/kantine med plass til om lag 300 personar.
- Foajeen er kantine for Eid vidaregåande skule på dagtid måndag-fredag.
- Foajeen vert brukt som "stimleplass" ved arrangement i kultursalen og kinosalen.
- Foajeen er godt eigna til selskap, middag, dans osv.
- Dekketøy.
- Kjøkenet kan brukast til å tilberede og selje enkel mat og kioskvarer. Frivillige lag og organisasjonar får bruke kjøkenet gratis når ein leiger kultursalen/foajeen til arrangement.

Utfordringar med lokale

Då Operahuset og Eid VGS vart samlokaliserte i 2009 var det vanskelig å sjå føre seg alle moglege scenario for korleis dette skulle fungere. Areal vart fordelt etter kva behov ein så føre seg, og ut i frå kor mykje kvar part bidro med økonomisk. Eit område som tidleg viste seg å verte ei utfordring var Green room og dei to klasseromma som ligg ved sida av. Særleg green-room, som er nyttar som klasserom, gang til verksteda, produksjonsareal for kulissar, venterom for scena, teknisk lager og backstage. Operasalen manglar sceneinngang frå høgre side, då den er bygd heilt ut til vegen som passerer Operahuset. Dette er og ei utfordring. Om vi skal kunne utvide bruken av arealet til kultur har vi berre ein moglegheit, og det er å få meir kontroll på aktiviteten i green-room og dei to klasseromma. Vestland fylke har løyva 42 millioner til opprusting av Eid VGS. I forbindelse med det

³⁷ https://www.operahuset.no/_extension/media/2710/orig/Teknisk%20utstyrsliste%20Operahuset%20Nordfjord.pdf

³⁸ https://www.operahuset.no/_extension/media/2435/orig/Scenerigg%20og%20trekk%20operasalen.pdf

har vi fått eit kommunestyrevedtak på at vi kan forhandle om å få leige det arealet vi treng. Når det blir aktuelt vil vi kome tilbake med ein konkret plan for korleis vi kan gjennomføre dette.

Statistikk

	Totalt	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009
Billettsal	187 869	10 8 692	13 815	13 988	17 179	16 268	11 866	14 092	14 247	17 427	14 143	17 952	16 179	15 021
Besøkande	136 606	14 5 115	10 4 847	11 214	14 846	14 793	14 600	11 9 899	11 231	17 9 061	14 45 000			
Totalt	310 668	13 807	15 662	28 202	28 025	28 061	26 466	23 991	25 478	26 488		108 295		
Arr utan billettsal*	679	29	39	54	74	55	60	49	49	50	60	50	60	50
Arr med billettsal*	651	41	46	48	44	46	41	52	46	55	55	64	63	50
Snitt m/billettsal	289	212	235	291	390	354	289	271	310	317	257	281	257	300
Kino	128 517	11 6 838	12 6 266	11 909	793	322	400	688	043	10 004	10 9 645	10 8 619	10 7 334	10 9 656
Bibliotek	400 884	26 576	27 549	33 340	32 192	29 600	29 600	31 321	32 226	33 130	33 200	32 150	32 60 000	
Totalt	840 069	47 221	49 477	73 451	73 010	68 983	68 466	67 000	67 747	69 622	81 624	86 760	77 078	67 589

* Korona gjør at antal arrangement med og utan billettsal ikkje kan samanliknast i 2020/21 og bakover. Fleire arr med billettsal i koronatid pga seteplassering og smittesporing

Bakgrunn og historie

Operahuset Nordfjord stod ferdig 1. mars 2009 og vart offisielt opna av kulturminister Trond Giske 25. april. Namnet seier opera, men dette huset er heile Nordfjord si storstove der alle typar scenekunst får boltre seg.

Publikumssuksessen til Opera Nordfjord var ein viktig, utløysande faktor for å få realisert det einaste operahuset utanom Bjørvika i Oslo. Men utan det øvrige kulturlivet i Eid hadde det ikkje vore mogleg å få til eit slikt bygg. Det er difor heile kulturkommunen Eid si forteneste at Nordfjord har ein unik, kulturell samlingsstad. Aktørar frå heile Nordfjord engasjerte seg i arbeidet med å få realisert eit kulturhus som vert brukt til alle typar scenekunst. Operahuset Nordfjord er ein av mange viktige faktorar som gjer Nordfjord til eit attraktivt bu- og arbeidsområde.

Kulturhuskampen i Eid var eit årelangt utgreiingsarbeid over fleire kommunestyreperiodar. Kulturlivet leid under dårlege akustiske forhold i aulaen på Fjordane folkehøgskule, og ein ønska seg ein sal med gode lydforhold, på lik linje med fotballbaner for fotballkamper. Kulturlivet hadde lenge hatt eit sterkt behov for ein arena for utvikling.

Kulturkommunen Eid: Gode lærarkrefter i ein høgt kvalifisert kulturskule. Fleire kor veks fram, med aukande medlemstal og kvalitet: Eid Mannskor, Stårheim Songlag, D-kor, Barnegospelkor, Eid Barnekor. Dei fem skulekorpsa og to musikkLAGa har gode år og deltek og vinn prisar i konkurransar, mellom anna med gode dirigentar frå kulturskulen. Store skulemusikalar er blitt ein del av kvardagen. Malakoff Rockfestival blir etablert i 2003, og veks ved hjelp av dugnadsarbeid og samhandling med Eid vidaregåande skule.

Ekteparet Kari og Michael Pavelich er ein institusjon i seg sjølv. Dei kom hit som rektor og lærar i den kommunale musikkskulen. I 1997 tok dei initiativ til opera. Den første Opera Nordfjord-framsyninga var i 1998 med Flaggermusen, støtta av 150.000 kroner frå Eid kommune. Etter kvart fekk Opera Nordfjord direkte millionstøtte over statsbudsjettet og spelar for fulle hus kvar haust. Opera Nordfjord blir eit fyrtårn i kulturlivet i Sogn og Fjordane. I tillegg til den årvisse operaframsyninga på hausten, har Opera Nordfjord mellom anna konsertturné, operagalla, workshop mm.

Kvifor kulturhus i Eid? Sidan oppstarten av Opera Nordfjord i 1997 auka interessa. Operaen har sett Nordfjordeid på det nasjonale kulturkartet. Lokal kultur treng ein arena for å utvikle seg. Gje publikum ultimate opplevingar både visuelt og lydmessig. Publikum fortente ny konsertsal med fleire gode sitjeplassar, god akustikk, orkestergrav og gode fasilitetar elles. Kulturhuset vert ein hyllest til lokal dagnadsånd som får betre vilkår for kulturutfalding. Dagnadsarbeidet i Eid er avgjerande for å kunne arrangere operaframsyningar, Malakoff Rockfestival, Elskhug og Eksis m.fl.

Forskar Georg Arnestad ved Høgskulen i Sogn og Fjordane: "Musikalsk og kulturelt står Eid no fram som den sjølvsagte hovudstaden i fylket vårt..!"

Eid kommune samarbeider med Eid vidaregåande skule som ønskjer å samlokalisere dei to avdelingane yrkesfag og allmennfag. Ideen om eit kulturhus som ein del av dette nybygget veks fram. Suksessen til Opera Nordfjord og samlokaliseringa av Eid vidaregåande skule, kinoen og biblioteket gjorde det mogleg å realisere draumen om eit nytt kulturhus i Eid.

Finansiering: Operahuset Nordfjord er eit gedigent spleiselag mellom privatpersonar, institusjonar, Eid kommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Staten.

Namn på huset: Namnet fortel den historiske årsaka til korleis bygget oppstod. Namnet avspeglar den gode historia – historia om Opera Nordfjord. Namnet er unikt og gir huset ekstra merksemd. Operafenomenet gjev oss høve til å skilje Eid ut frå alle andre kulturhus/samfunnshus i Noreg.

4.7 Kino

Kino er eit kulturtilbod ein finn over heile landet, og er eit lågterskeltilbod som femnar om alle aldersgrupper. Ei undersøking gjort av SSB viser at 75% av Noregs befolkning hadde vore på kino ein eller fleire gonger i løpet av året 2019. Dette gjer kino til det mest nytta kulturtilbodet vi har.³⁹ Det er også det kulturtilbodet som befolkninga i størst grad nyttar seg av på tvers av sosioøkonomiske skiljelinjer.⁴⁰ Dette gjer kino til ein viktig inkluderingsarena.

Kinotilbodet femnar om alt frå ordinære filmvisningar som er eit fritidstilbod for både barn, ungdom, vaksne, barnefamiliar og seniorar, til spesifikke visningar som er retta inn mot eit særskilt publikum, som t.d. babykinoar eller skule- og barnehagevisningar. I tillegg finnast det ei rekke filmklubar/cinamatek, med eit tilbod om film av eldre dato eller filmar i ein smalare sjanger.

I Noreg er dei fleste kinoar eigde og drivne av kommunane sjølve. I tillegg finnast det fleire kinokjedar, der nokre er samanslutningar av kommunale kinoar, som Aurora kino/Kino Nord og KinoAlliansen, medan andre kjedar er privateigde, som ODEON og Nordisk Film Kino. Tal frå 2020 viser at private kinokjedar utgjer 53,5 % av markedet i Noreg, medan andre samanslutningar utgjer 28,1%. Kinoar utanfor kjede utgjer 18,4 %.⁴¹ Organisasjonen Film & Kino er bransje- og

³⁹ <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/artikler-og-publikasjoner/sa-ofte-gikk-vi-pa-kino-for-koronapandemien>

⁴⁰ <https://kulturindeks.no/rapport/4649/3/5>

⁴¹ <https://www.medienorge.uib.no/statistikk/medium/film/427>

medlemsorganisasjonen for kommunale og private kinoar i Noreg. I tillegg til at dei skal jobbe for kinoane sin posisjon og utvikle kinobransjen, har dei også administrative oppgåver knytt til m.a. kampanjar, bransjeaktivitetar, rådgjeving og komptanseutvikling, og framforhandling av filmleige for dei små kinoane.⁴²

Kino i Stad kommune

Kinotilbodet i Stad kommune består av Stad kommunale kino, lokalisert i Operahuset Nordfjord på Nordfjordeid, og kinotilbod gjeve av Bygdekinoen, som har to faste spelestadar og to spelestadar med sporadiske visningar. I tillegg finnast det to filmklubbar i kommunen. I 2018 vart Nordfjord filmlaug oppretta, som har hovudsete på Nordfjordeid. Per 2022 er det lite aktivitet i denne klubben. I 2021 starta «Butikken?» på Årsheim ein filmklubb som har jamnlege visningar i sine eige lokale på Årsheim. Filmklubar følgjer eigne retningslinjer og har andre satsar enn kva kinoar som driftast av kommuner eller private aktørar har.⁴³

Norsk kulturindeks viser at Stad kommune i 2021 hadde eit totalt kinobesøk på 7 341, noko som tilsvasar 0,77 besøk per 1000 innbyggjar. Dette plasserer oss som nr. 95 i landet. Dette er eit betre snitt enn våre nabokommuner Volda (0,39) og Stryn (0,77), og rett under Gloppen (0,78). Kinn (0,96) og Sunnfjord (0,97) ligg nærmast landsgjennomsnittet som er 1,05.⁴⁴

Kino i framtida

Kinoar over heile verda lever i symbiose med andre kultur- og filmtilbod, og slik har det alltid vore. Mange nyvinningar har opp gjennom tida blitt sett på som eit trugsmål til kinoen sin eksistens, til dømes heimevideo-spelarane og i seinare tid streaming-tilboda, men sett over tid ser ein at kinobesøket svingar, men det let seg ikkje knekke.

Streaming har dei siste åra teke ei stadig veksande marknadsandel av filmmarkedet, noko som har skapt ei utvikling i filmbransjen. Store tradisjonelle filmproduksjonsstudio som Disney og Paramount byggjer opp sine eigne streamingplattformar der dei slepp sitt eige innhald, framfor å selge rettigheter til andre streamingaktørar. Samstundes byggjer dei tradisjonelle streamingaktørane opp sine eigne produksjonsselskap, der dei produserer heilaftans film til eigne flater.

Kinovindaugen, som er klausultida frå ein film har premiere på kino til den kan visast på andre plattformar som streaming- eller fjernsynskanalar, vart dramatisk nedkorta under pandemien. Då filmane ikkje kunne få kinopremiere grunna nedstengde kinoar eller strenge restriksjonar på antal publikum i salen, var det ikkje lengre lønnsomt for filmbyråå å vise filmane på kino. I staden vart dei sluppe direkte på streamingplattformar, til trass for at dette ga filmbyråå ei mykje dårlegare inntening. Kinovindaugen gjekk frå å vere dei tradisjonelle 90 dagane til å gå ned til 45, 30 og 14 dagar, eller over til at kinofilmar vart sluppe rett på stream utan å ta turen innom kinosalane i det heile. Dette har skapt store bølgjer i kinobransjen, og ein samla bransje har jobba hardt for å få filmbyråå til å gå tilbake til dei opphavelige klausulperiodane, noko som har involvert boikotting av filmar frå enkelte byrå.

Etterspurnaden av tilbod på kinomarkedet er også endra. Tradisjonelt sett har det vore tittelen på filmen som har trukke publikum inn i salane. Dei siste åra har ein opplevd ei merkbar auke på etterspurnad etter andre opplevelingar, som direkteoverført teater, opera eller sportsarrangement, eller med eit utvida tilbod i form av skjenkeløyve/alkoholsalg osv.

⁴² <https://www.kino.no/omfilmogkino/>

⁴³ www.filmklubb.no | <https://www.facebook.com/aarsheimfilmklubb> | <https://www.facebook.com/groups/2288556121271135>

⁴⁴ <https://kulturindeks.no/rapport/4649/3/>

Også den fysiske utforminga av kinorommet er under utvikling. Dei store salane med plass til svært store publikumsgrupper er ikkje no lenger etterspurde, og desse blir no bygde om til å romme færre, men betre seter. I snitt ser ein nedgong på om lag 50% i setekapasitet. Kinosalar som har regulerbare, oppvarma recliner-seter med betre plass per publikummar, har større etterspurnad og høgare dekningsgrad enn dei ordinære kinosalane, til trass for at billettpisen er høgare.

Kvaliteten på projektorar og lydanlegg er aukande, til dømes er laserprojektorar og atmos-lydanlegg den nye standarden for både nybygg og renovering, særskild blant dei store kinoane og kinokjedene med fleire salar i same bygg.

I perioden 2010/2011 skjedde det ei digitalisering av alle kinoar i landet. Ved hjelp av eit spleiselag mellom bransjeorganisasjonen Film & Kino, distributørselskapa og kommunane vart alle norske kinoar oppgraderte mee digitale kinoserverar og nye og betre projektorar.⁴⁵ Slike teknisk utstyr har avgrensa levetid, garantitida på 10 år har no gått ut for om lag alle kinoar og er no modent for utsifting og oppgradering. Film & Kino arbeider no med å få til ei støtteordning for også denne runden med oppgradering av utstyr.

Film i skulen

Film er også ein del av læreplanmåla i Kunnskapssløftet. Film sorterer under omgrepene «samansett tekst» og inngår i fleire kunnskapsmål, som desse døma viser:⁴⁶

Mål for opplæringen er at eleven skal kunne:

- *Gi uttrykk for egne tanker og opplevelser om barnelitteratur, teater, filmer, dataspill og TV-programmer (etter 4. trinn)*
- *vurdere tekster, TV-programmer, reklame, musikk, teater og film og begrunne egne medievaner (etter 7. trinn)*
- *delta i utforskende samtaler om litteratur, teater og film (etter 10. trinn)*
- *beskrive estetiske uttrykk i teater, film, musikkvideo, aviser og reklame og drøfte ulike funksjoner knyttet til språk og bilde (etter VG1 studieforbredande og VG2 yrkesfagleg utdanningsprogram)*
- *analysere og vurdere ulike sjangere i tekster hentet fra TV, film og Internett (etter VG2 studieforbredande)*

Kinoane og skulane har begge eit ansvar for å få film inn i skulekvardagen. Kinoane kan enkelt legge til rette for dette med å arrangere eigne skulekinovisningar for klasser eller grupper. Det blir i tillegg laga filmstudieark til dei fleste filmar, med tverrfaglege arbeidsoppgåver som kan nyttast både før og etter ein har sett filmen.⁴⁷

Stad kommunale kino

Stad kommunale kino er lokalisert i Operahuset Nordfjord og har om lag fem visningar i veka, fordelt på tre visningsdagar. Dette utgjer om lag 300 visningar årleg. Det blir lagt vekt på at filmtilbodet skal vere breitt og innehalde film av mange ulike sjangrar, samt for mange ulike aldersgrupper.

Stad kino skal vere hovudleverandør av kino og kino-opplevingar til innbyggjarane i Stad kommune, og til innbyggjarar i tilstøytane kommunar som ynskjer å ha kinooppelingane sine hos oss. Kinofilmen er primærproduktet, men det blir også lagt vekt på at publikum skal ha ei god oppleving

⁴⁵ <https://www.kino.no/article966572.ece>

⁴⁶ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>

⁴⁷ <https://www.filmweb.no/skolekino/>

som gjest på huset og eit godt og oppdatert kiosktibod. I tillegg blir det satsa på ekstra aktivitetar og tilbod som kan gjere den samla opplevinga endå større. Det kan vere familiedagar, temahelger, konkurransar eller andre aktivitetar knytt til den aktuelle kinofilmen.

Vi har fleire faste arrangement gjennom året, som td. Den store skulekinoveka andre veka i februar, OSCAR filmfest i førekant av Oscarutdelinga kvart år, og Den Store Kinodagen som er fyrste laurdag i november. Vi har også ulike marknadsføringssjangerar som vi nyttar til ulike føremål, til dømes dei generelle FERIEkino, DAGkino, BABYkino og KULTURkino, eller dei meir spesifikke NATURkino, KLATREkino og INTERNASJONAL kino. Desse merkelappane blir nytta for å skape samanheng mellom ulike filmar, og på den måten kunne bygge og knytte publikumsgrupper til dei ulike filmane.

Stad kino har også samarbeid med andre aktørar som Malakoff Rockfestival, Gymmen Studio og Scene, Hamna trening og Fjordande folkehøgskule for å nemne nokre. I tillegg har ein eit tett og godt samarbeid med Bygdekinoen, og fleire samarbeidsprosjekt mellom Stad kino og Bygdekinoen har gjeve publikum særeigne filmopplevelingar, som til dømes ROCKEkino under Malakoff Rockfestival, GYMMEkino og SAUEkino i skateløa i Ervika. Stad kino har også reist på Bygdekinoturné med ei popcornmaskin for å skape eit ekstra tilbod knytt til bygdekinopublikummet, og for å skape eit tettare samhald mellom bygdekinopublikummet og Stad kino. Bygdekinoen og Stad kino er ikkje konkurrentar, men lever i god symbiose og utfyller kvarandre. Bygdekinoen er svært viktig for mange lokalsamfunn også innanfor Stad kino sitt nedslagsfelt, og vi har tru på at aktivitet avlar aktivitet, og at lysta til å sjå film aukar di meir film ein ser. Eit godt og tett samarbeid er difor til fremje for begge partar.

Kinoen sine hovudkanalar for marknadsføring er heimesider som ligg under www.operahuset.no og billettsalskanalen www.ebillett.no, samt sosiale media i form av Facebook-sider og Instagram-profil. Det blir heile tida jobba med å auke talet på følgjarar i desse kanalane. Ved større aktivitetar eller hendingar blir det annonsert i lokalavisa Fjordabladet. Det blir også nytta plakatar og flyers knytt til større aktivitetar eller hendingar.

Historikk og fakta

I 2009 vart dåverande Eid kino flytta frå aulaen på Fjordane folkehøgskule til den nye kinosalen i Operahuset Nordfjord. I åra 2009 – 2019 hadde kinoen ei jamt stigande kurve på billettsalsstatistikken, førebels toppa av toppåret 2018. Koronapandemien halverte besøkstala i 2020 og 2021, men i periodane med full opning oppnådde ei ganske raskt besøkstal tilsvarannde normal-år. Dette viser at kino er eit tilbod mange set pris på og nyttar seg av.

ÅR	BESØKANDE
2021	6 838
2020	6 266
2019	11 909
2018	12 793
2017	11 322
2016	12 400
2015	11 688
2014	10 043
2013	10 004
2012	9 645
2011	8 619
2010	7 334
2009	9 656

Kinosalen er ein sambrukssal som blir nytta av Eid vidaregåande skule til undervisning på dagtid. Den er også utleid til kurs, konferansar og møter, både til private og kommersielle formål og til lag og organisasjoner. Både utlegetakstar og billettprisar er politisk vedtekne i kommunestyret.

Tekniske spesifikasjonar i kinosalen:

- Amfi med 105 sete, inkl 6 handikapplassar (tre rullestolar), teleslynge
- Kinosalen er svært godt eigna til undervisning, møte og konferansar i tillegg til kino
- Stort lerret, mikrofonar og AV-rack med PC-tilkopling, dokumentkamera, smartboard og DVD.

Bygdekinoen

Bygdekinoen ligg under organisasjonen Film & Kino, og er eit tilbod om å vise kino på stadar som ikkje har eigen, fast kino. Bygdekinoen har alt utstyr som trengst for ei visning, det einaste som trengst er eit lokale. Bygdekinoen er enkel og grei måte å få kino på for stadar som ynskjer å gje eit kulturtilbod til folk der dei bor. Bygdekinoen sine visningar følgjer skuleruta, noko som vil seie at i skuleferiane opphører visningane.

Lag og organisasjoner som leiger inn Bygdekinoen har ei standard-avtale som inneber at dei betaler ein fastsett sum pr. visningsdag. Bygdekinoen sel billettane sjølv, men spelestaden får 25% av netto billettinntekt som overstig kr. 1 100,- pr. speledag, inkludert eller ekskludert 12% mva alt etter om spelestaden er mva-registrert eller ikkje.

Filmvisning er konsesjonspliktig, det vil seie at Bygdekinoen må få konsesjon frå kommunen for å kunne vise film på den aktuelle spelestaden. Kommunale konsesjonar for framsyning av film i næring er gjeve med heimel i § 2 Lov om film og videogram.⁴⁸ For perioden 2020 - 2025 har Bygdekinoen konsesjon for Moldestad grendahus, Stad bygdehus, Selje samfunnshus, Barmøy grendahus og Kjølsdal samfunnshus. I tillegg har dei konsesjon for å ha utekinovisningar og drive-in-visningar i heile Stad kommune.

Av desse fem spelestadane har Bygdekinoen faste visningar i Kjølsdal samfunnshus og Selje samfunnshus, medan dei tre andre stadane bestiller visningar etter behov.

Kjølsdal samfunnshus

Trekløveret 4H har sidan 2010 hatt avtale med Bygdekinoen om visningar i Kjølsdal samfunnshus. Dei har fast visningsdag onsdag ein gong i månaden, og har om lag 10 visningar i året.

Trekløveret har laga kino- og kioskdrift til eit eige 4H- prosjekt, det vil seie at to eller tre ungdomar jobbar gjennom heile året med å rigge lokalet, hjelpe maskinisten og drive kiosken, og leverer oppgåva si på dette.

Besøkstalet er veldig varierande, det er avhengig av film og værforhold, og det er ei overvekt av barn og unge i kinopublikummet. Kinodrifta går med underskot, men dei får noko økonomisk støtte frå andre organisasjoner i bygda som er med på å minske underskotet. Til trass for at tilbodet ikkje løner seg økonomisk, ynskjer 4H å halde fram med å gje eit kinotilbod i bygda. Dei meiner det er ei samfunnsviktig oppgåva, då det både skapar aktivitet, det er enklare for småbarnsfamiliar å kome seg på kino, samt at ungdomane kan ha det som oppgåva. Før Trekløveret 4H overtok kinodrifta, har både samfunnshuset, ungdomslaget og idrettslaget i bygda hatt avtala med Bygdekinoen

⁴⁸ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/1999-12-20-1515>

Kontaktperson for Bygdekinoen i Kjølsdalen er Dianne Eikaas.

Selje samfunnshus

Bygdekinoen hadde visningar på samfunnshuset i Selje frå seint på 80-talet til tidleg 2000-tal, men det var problematisk å få nokon til å ta på seg ansvaret med å vere lokal arrangør. Tilbodet vart difor lagt ned, med gratis 17. mai-visningar som einaste tilbod. Hausten 2021 starta «Vener av Selje samfunnshus» opp att kinotilboden, og no har dei faste visningar om lag ein gong i månaden som er godt besøkte. Venelaget har også aktivt søkt pengar frå ulike ordningar og kjøpt inn betre stolar, sitteputer og laga eigen kinokiosk med popcornmaskin og varmeskap.

Kontaktperson for Bygdekinoen i Selje er Kjell Magnar Flølo.

Barmen

Barmen Bygdelag står som arrangør for kinovisningar i grendahuset. Dei har også ei standardavtale med Bygdekinoen, men har ikkje faste visningar. Dei bestiller visningar etter avtale, og i snitt har dei kino fire gongar i året. Det blir vist ein barne-/ ungdomsfilm og ein film for vaksne kvar visningsdag. Bygdelaget driv også kiosk i samband med visningane, der inntektene tilkjem laget.

Barmen har om lag 35 fastbuande, og legg visningane sine til tidspunkt som skal klaffe godt med ferjerutene. Dette gjer at det ofte er langt fleire enn dei 35 fastbuande som kjem på kino. Besøkstalet har vore alt frå 10 – 60 personar, noko som tyder på høg prosentandel besøkande frå dei fastbuande på Barmen, men også høgt besøkstal frå bygdene rundt. Barmen Bygdelag ynskjer å halde fram med Bygdekinoen, då det er eit godt tilbod til dei fastbuande, men også eit sosialt arrangement som trekk folk frå andre bygder.

Kinoansvarleg frå bygdelaget er Hanne-Marie Utvær.

Stad Bygdehus / Ervik

Stad Bygdehus hadde i mange år fast visningsavtale med Bygdekinoen om visning i bygdehuset (gamle Ervik skule) ein gong i månaden. Også her var det vanskeleg å få tilboden til å svare seg økonomisk, så i 2019 vart tilboden lagt ned. Bygdehuset har også gått over til same avtale som Barmen med at dei bestiller visningar ved behov.

Leikanger

På Leikanger vart det i 2010 bygd ein kinosal i kjellaren i bygget Strandtorget. Eigar av bygget og initiativtakar til kinoen var Mads Drage. På privat initiativ vart det drive kino der fram til digitaliseringa av alle norske kinoar var gjennomførte. Dei såg seg ikkje råd til verken å oppgradere det tekniske utstyret eller gå inn på dei påfølgande serviceavtalene, då kostnadane hadde blitt for høge. Det vart etter kvart også vanskeleg å få tak i nye filmar på filmrullar, og kinoen vart difor lagt ned.

Lokala held god standard. Salen inneheld 46 seter fordelt på fire rader. Lerretet måler 4m x 2m, og kasteavstand frå projektor til lerret er 6,5 meter. Der er også lokalitet for å kunne ha billettluke og kinokiosk ved inngangen til kinosalen.

Det er fullt mogleg å starte opp att kinodrift på Leikanger, men det krev økonomiske investeringar i form av oppgradering av teknisk utstyr og ombygging av fysiske lokale. Det må settast inn digital

kinomaskin og -projektor, og lydanlegget må bytast ut. Maskinrommet har ventilasjon, men det må sjekkast om ventilasjonen er god nok til ein digital projektor, då desse har krev stor ventilasjonskapasitet for å kunne brukast. Det må også lagast eit større vindauge mellom maskinrom og sal. Det er gode høve til å utbetre både straumtilførsel og ventilasjon, og huseigar har vore positiv til å få kinodrift i lokala igjen.

Dersom ein ynskjer å starte opp att visningar i denne kinosalen er det to moglege alternativ til drifting. Det eine alternativet er å etablere kommunal drift som ein filial under Stad kino. Då kan ein via fjernpålogging laste ned og programmere filmar til automatisk avspeling, slik ein i dag gjer på Stad kino. Det vil likevel vere behov for ein kinoansvarleg på staden, som både kan drifte kiosken og vere teknisk back up dersom noko skulle skje. Det andre alternativet er å søkje konsesjon for at Bygdekinoen kan vise film der, og inngå avtale med eit lag, ein organisasjon eller andre om å stå som arrangør.